



HAREID KOMMUNE

Foto: Erlend Friestad



HANDLINGSPROGRAM FOR HAREID KOMMUNE

2022-2025

1 KOMMUNE-DIREKTØREN SI INNLEIING

Hareid kommune er eit maritimt transportknutepunkt og har eit stort maritimt industripotensiale. Her er eit historisk sterkt og variert næringsliv. Vi er ein del av det maritime clusteret på Nordvestlandet og ligg geografisk lokalisert på aksen Ålesund-Søre. Vår plassering er kommunikasjonsmessig svært gunstig, med både ferje og hurtigbåt frå sentrum i kommunen. Vi har eit kommunesenter og nærliggande tettstadar/bygdelag som til saman kan danne ei moglegheit for ny utvikling i samspel med både Ålesund og Søre. Hareid kommune er porten mellom søre og nordre Sunnmøre, og har eit potensiale som bukommune. Den korte pendlaravstanden til Ålesund er ein fordel som ikkje er nytta godt nok. Vi er i startfasen med utarbeiding av ny kommuneplan der samfunnssdelen skal peike retning framover, og godt i gang med ein masterplan som definerer spennande utviklingspotensiale for Hareid i framtida. Budsjett og handlingsprogram for neste fireårsperiode vitnar om framtidstru med vilje til satsing for å utvikle kommunen til det beste for innbyggjarar og næringsliv. I budsjettet ligg ei satsing på å legge til rette for rekruttering av fleire innbyggjarar, og for endå betre og meir effektiv samhandling med næringslivet.

Eg vil innleiingsvis seie noko om kompleksiteten og rammevilkåra for kommunebudsjettet. Kommunen si største oppgåve er å drive tenester for lokalsamfunnet. Dei mest kostnadskrevjande er barnehage, skule, heimesjukepleie og sjukeheim for å nemne nokre. For alle dei nemnde tenesteområda er det slik at utgiftene har auka mykje siste åra grunna store tenestebehov til enkeltbrukarar. Samfunnstrenden har i mange år dreia mot at kommunen har fått ansvar både frå stat, fylkeskommune og faktisk også private. I tidlegare tider var det vanleg at familien tok ansvar for sine. Så vart det i stor grad det offentlege sitt ansvar. Velferdsstaten står for fall om vi ikkje greier å gjere ei refordeling mellom offentleg og privat ansvar. Sentralt i KS arbeider dei no med å definere tiltak for å unngå den kommunale kollaps. Vi treng å endre måten vi driftar tenestene på i dag, og vi treng at den enkelte planlegg sin alderdom og legg vekt på at sjølvhjelpt er velhjelpt.

Eksempelvis finns det lenger nesten ikkje bu- og behandlingstilbod for dei som har spesielle behov, og det vert venta at kvar kommune skal ha spesialkompetanse og tilbod innanfor alle kategoriar. Dette er dårleg samfunnsøkonomi og stadig fleire hendingar viser at dette er feil strategi. Men enn så lenge er det slik, og det viser att på kommunebudsjettet. Det har siste åra vore både ei forventning og ei ynskja utvikling at kommunane skal bruke meir på førebyggjande tiltak. Dette har også skjedd i enkeltvedtak utan at kommunebudsjettet har vorte styrka tilsvarande.



Kommunedirektør
Ragnhild Velsvik Berge

**I budsjettet
ligg ei
satsing
på å legge
til rette for
rekruttering av
fleire innbyggjarar,
og for endå betre
og meir effektiv
samhandling med
næringslivet.**

Til neste år vert kommunane overført endå meir ansvar for barnevernstenesta i den såkalla oppvekstreforma. Målet med reforma er å styrke kommunane sitt førebyggande arbeid og tidleg innsats, at fleire barn skal få hjelp til rett tid, at tilbodet til barn og familiar skal tilpassast lokale forhold og at rettstryggleiken for barn skal bli betre. Dette fører konkret til:

- Refusjon for fosterheimar avviklast og vert lagt inn i kommuneramma.
- Auka eigenandel ved bruk av statlege tiltak (kommuneramma aukast)
- Fullt ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar
- Alder for ettervern er auka frå 23 til 25 år

Utgiftene vert ikkje dekt opp gjennom dei nye overføringane. Difor er det lagt inn ei overgangsordning på to år. Intensjonen er at vi skal satse meir på førebygging for å unngå dei mest dramatiske tiltaka.

Kommunen har ei stor rolle som tenesteytar, men kommunen er også samfunnsutviklar, forvaltar og lokaldemokratiaktør. Det som gjer kommunen unik i høve alle andre bedrifter er samspelet mellom politikk og administrasjon. Administrasjonen skal utgreie saker og legge til rette for at dei folkevalde kan ta gode avgjersler, og deretter følgje opp dei politiske vedtaka. Det er såleis dei folkevalde som skal ta dei endelege vala når det gjeld retnings- og prioritieringsval. Forvaltarrolla gir administrasjonen mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker innanfor ulike fagområde, og her kan det fort verte ei motsetning mellom faglege vurderingar og budsjettrammer. Kommunen med administrasjon og folkevalde har eit omfattande samfunnsansvar med å drife tenester innanfor eit komplekst lov og regelverk, og å drive samfunnsutvikling. Kunsten er å balansere desse ansvara slik at vi sikrar god balanse og gjer dei rette prioriteringane i rett tid.

Administrasjonen skal utgreie saker og legge til rette for at dei folkevalde kan ta gode avgjersler, og deretter følgje opp dei politiske vedtaka. Det er såleis dei folkevalde som skal ta dei endelege vala når det gjeld retnings- og prioritieringsval

1.1 Satsingsområde

Budsjettet har tiltak for unge og eldre og har mange element som skal bidra til både vedlikehald av eigedom og vegar med meir, og tiltak som skal gi positiv lokalsamfunnsutvikling for framtida.

Vi legg til rette for utvikling av bustad- og næringsområde. Her ligg i utgangspunktet inne utgifter til fleire byggefelt, men vi må rekne med at det vil krystallisere seg prosjekt som vi vil gå vidare med på bekostning av andre etter som kostnadar og moglegheiter vert meir avklart.

Under klima, miljø og berekraft har kommunedirektøren prioritert å gå inn med midlar til Runde miljøsenter. Dette er i samsvar med politisk vedtak der kommunestyret ber om at dette vert vurdert i budsjettprosessen. Alle dei andre kommunane i Sjøstjerna har no

fatta positive vedtak om aksjekjøp. Dette vil få minimal betydning for driftsbudsjettet då utgelta vert belasta eit investeringsfond. Fleire tiltak innanfor vatn og avløp skal bidra til å møte klimautfordringane. I budsjettframlegget er det prioritert tiltak for energisparing og brannsikring.

Kommunen har ikkje tidlegare hatt definerte ressursar med ansvar for klima, berekraft og miljø, men dette er no løfta fram i ei ny eining i sektor for samfunnsutvikling. Den nye eininga får namnet «Nærings-, kultur og busetting» med ansvarsområda næringsutvikling, busetting, klima, miljø og berekraft. Bulyst står som eit samleomgrep over oppdraget og det var difor naturleg å flytte kulturkonsulent, biblioteksjef og folkehelsekoordinator hit. Funksjonar som reiseliv, næringsfond, startlån og skjenkeløyve vert også ein del av eininga. Prosjektleiari for Vekst i Hareid si forankring til kommunneorganisasjonen vert også lagt hit. Med denne endringa er det også ei klar målsetting å styrke samarbeidet med næringslivet og få endå betre rammer for kulturarbeidet.

Fleire tiltak er lagt inn for å sikre ei god utvikling av næringslivet. Sentralt er vidareføring av prosjekt Vekst i Hareid. Det er lang ventetid på byggesakshandsaming og difor er det nødvendig å styrke sakshandsamarkapasiteten. I tillegg må vi starte arbeidet med å få digitalisering av reguleringsplanar slik at vi kan tilby innbyggjarane digital sakshandsaming.

Det er lagt inn pengar til tettstadanalyse for Hareid sentrum for dette vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen. Det arbeidet har så vidt starta opp, og skal gi retning for utvikling av Hareid inn mot framtida.

Det viser seg at ei ny rundkøyring på Holstad er alfa omega for vidare utvikling av vekst i området rundt. Kommunen kjem ikkje vidare med verken byggefelt eller næringsutvikling i området før vegproblematikken er løyst. Dette er ein fylkesveg og dermed ikkje eit kommunalt ansvar. Men vegen er ikkje tilstrekkelig prioritert frå fylket si side, og kommunen ser seg difor nøydde til å prøve å få til ein avtale med fylkeskommunen om forskotering og delvis spleiselaug med private. Eit beløp er lagt inn med etterhald om ein avtale med fylkeskommunen.

Det er viktig å fullføre det vi starter på. Difor skal vi gjere ferdig arbeidet rundt helsehuset og skape gode møteplassar i sentrum. Biblioteket vert kommunen sin nye møteplass, og vindua opnar opp og tek omlandet inn. Tusenårspllassen må difor ferdigstilla. Tiltaket vil ferdigstille den lenge planlagde aksen mellom kyrkja og havet, og vil gi bygda ein fin møteplass ved sjøen. Siste etappe i renovering av rådhuset står for tur og her vil vi spare vidare leigeutgifter ved å hente ressurscenteret inn i eigne lokale.

Av tiltak som skal skape trivsel eller utvikling for barn og unge er her lagt inn midlar til medlemskap Sunnmøre Fritidsråd og etablering i nye lokale for ungdomsklubben og eit aktivitetssenter. På te-

Av tiltak som skal skape trivsel eller utvikling for barn og unge er her lagt inn midlar til medlemskap Sunnmøre Fritidsråd og etablering i nye lokale for ungdomsklubben og eit aktivitetssenter



nestenivå er her fleire pågåande prosjekt som skal støtte opp om det same. Støtte til bygging av ny turnhall like eins. Vidare er det lagt inn midlar til utgreiling av ny ungdomsskule/basseng og oppgradering av gymsalen i Hjørungavåg. Dette er i første omgang utgreiingsmidlar slik at vi får oversikt over kostnadane som gjer det mogleg å gjere økonomiske val og prioriteringar i neste runde. Her er også lagt inn midlar til utgreiling av framtidig barnehagedrift.

Vi veit at befolkningssamansetninga er i stor endring og kommunen må sikre seg at vi kan ta ansvaret vårt for å hjelpe dei eldre og uføre. I dette budsjettet ligg det fleire nøkkelfaktorar for å lykkast. Realisering av tiltaket med nye omsorgsbustadar på Pålhaugen har fått sin rettmessige plass med ferdigstilling i løpet av planperioden. Fleire har venta lenge på tiltaket og faren er at folk vil bygge privat om dette ikkje vert realisert no. Det vil verte langt dyrare å drive. Vi bør i prosessen vurdere å kvitte oss med Hjellebakken då bustadane der treng stort vedlikehald og ikkje er tilpassa målgruppa.

Den nye vedlikehaldsplanen viser at Hadartun er eit bygg som med vedlikehald kan leve i mange år endå. Tankar om ny sjukeheim i sentrum vert difor lagt bort, og vi satsar på ei oppgradering av området ved Hadartun. Her ligg inne fleire vedlikehaldstiltak. Oppgradering av omsorgsbustadane ved Hadartun er nødvendig og vi rår til å omdefinere desse til omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og pleie. Vidare rår vi til å rive det gamle legekontoret for å unngå løpande utgifter der, samstundes som vi planlegg nytt bygg på tomta med base for heimesjukepleie, hjelpermiddellager og fleire omsorgsbustadar.

I tråd med kommunestyrevedtaket om å ikkje vere med vidare i Helseplattformen (HP) er pengane til dette tatt ut av budsjettet. Det er gjort med stor bekymring for vegen vidare for utvikling av helsetenesta og innbyggjarane sitt tilbod. Det er uklart kor mykje det vil koste for Hareid å stå utanfor HP, eller kva eit alternativ vil koste og difor er det heller ikkje mulig å budsjetttere med noko til dette. Det står dermed i dag som ei sak vi må kome attende til i neste års budsjett, eller alternativt i ei budsjettkorrigeringssak.

Hareid har mange dyktige medarbeidarar og kommunen driv gode og effektive tenester på dei fleste område.

1.2 Vår viktigaste ressurs

Hareid har mange dyktige medarbeidarar og kommunen driv gode og effektive tenester på dei fleste område. I kommunebarometeret, som er ei samanlikning mellom alle norske kommunar, skårar Hareid svært godt på effektive tenester. I forhold til kostragruppe 10 og landet utan Oslo har vi lågare driftsutgifter til barnehage, men noko høgare driftsutgifter til grunnskule. Innan helse og omsorg driv vi samla sett med lågare kostnader enn dei vi vert samanlikna med, men vi ligg høgre når det gjeld dei over 80 år som bur på sjukeheim og på brukarar av heimetenester i aldersgruppa 0-66 år. Dette er vi klar over og arbeidet med kvalitetsstandard er viktig her. Vi må fortsette å sjå til dei kommunane som driv enda meir effektivt



enn oss og hente inspirasjon og lærdom for å verte endå betre.

Vi står som dei fleste andre kommunar framfor eit krafttak for å tilpassa driftsvolum til budsjett. Det er konkurranse mellom kommunane i å trekke til seg innbyggjarar, og for å lukkast er det ikkje nok å berre ha gode tenester. Vi må også ha det som gir bulyst, som gjer at folk vil bu nettopp her. Skal vi investere med bruk av lån må vi ned på andre driftsutgifter. Det meste av dei kommunale midlane er knytt til lønn, og då vert det der vi må ta inn auken på investeringskostnadene. Vi har i tillegg den utfordringa at vi har så mykje gjeld at vi ut frå våre finansielle måltal ikkje bør låne meir. Dette er meir omtalt under økonomileiar sin uttale til budsjettframlegget. Dilemmaet ligg då i om vi skal tote å satse på vidare utvikling av lokalsamfunnet trass den store gjelda, eller om vi skal la vere. I begge alternativa må vi tenkje langstidskonsekvens og effekt.

I omstillingsprosessar er det ekstra viktig å vite at vi treng gode, lojale og dyktige medarbeidrarar. Dette krafttaket vil kvile mykje på deira skuldrar. I årets budsjett ligg her store kutt på ekstravakt, vikar og overtid. Dette har vi gjort for å unngå oppseiing av fast tilsette. Men alt frå 2023 treng vi ein reduksjon av faste lønskostnadene. Per i dag er dette stipulert til 2,2 million kroner, og aukar til det doble i slutten av perioden. Vi må i størst mogleg grad få dette til ved naturleg avgang.

I årets budsjett ligg det kutt i kompetanseutvikling, og dette må vere av kort forbigåande art for det er avgjerande viktig for å lykkast med å rekruttere og halde på medarbeidrarar. Om alle forstår at det er snakk om ein ekstra innsats for å nå eit godt mål er ein villig til å yte det vesle ekstra. Ei årleg evaluering av medarbeidartilfredsheit er difor viktig. Like eins god oppfølging gjennom medarbeidarsamtalar, og overvaking av sjukefråværet med ditto god oppfølging av dette.

I omstillingssprosessar er det ekstra viktig å vite at vi treng gode, lojale og dyktige medarbeidrarar. Dette krafttaket vil kvile mykje på deira skuldrar

1.3 Om budsjettet og prosessen

Vi har tradisjonelt arbeidd med budsjettet med utgangspunkt i viderføring av fjarørets budsjett, og nye tiltak og innsparingstiltak nedanfrå og opp gjennom sektorane. Kommunedirektøren leiargruppe og økonomileiar har samarbeidd om prosessen og det endelege resultatet.

I år starta også arbeidet med tiltak frå einingsleiarar, sortert og prioritert frå kommunalsjefane. På det tidspunktet definerte vi manglende inndekning på over 20 millionar kroner. Vidare har budsjettarbeidet vore topp styrt gjennom ei tverrfagleg ressursgruppe med utgangspunkt i økonomiavdelinga. Strategien har vore å ta meir utgangspunkt i rekneskap enn budsjettrammer. Vidare har vi sett meir på forbruk på enkelpostar framfor sektorgrenser. Vi har defi-



nert kva som gir auka utgifter og sett spesielt på samsvar mellom budsjett og rekneskap når det gjeld inntekter. Vi har hatt ei stor auke i lønsutgifter, og det er mykje knytt til enkeltvedtak på tenester. Arbeidet avdekte kjende og nokre nye behov for justeringar, og det har vore jobba godt med konsekvensjustering av budsjettet. Med utgangspunkt i K-sak 21/1067 der kommunestyret gav mynde til å omdisponere midlar mellom sektorane har kommunedirektøren gjort ei justering i sektorrammene. Velferdssektoren har fått ei nødvendig styrking etter denne gjennomgangen.

Budsjettet har svært trange rammer utan slark for uventa hendingar. Begge dei to store sektorane har ein stor auke i utgifter til enkelBrukarar. Ein stor budsjetteringsfeil på vel 6 millionar kroner på integreringstilskotet vil dessverre bidra til at vi får endå større problem med å nå målet om ei drift i økonomisk balanse for 2021, og denne må også oppfinansierast i 22-budsjettet. Det er forventning om ekstra overføringer frå staten, og dette må i så fall nyttast til å styrke det eksisterande budsjettet. Her er ikkje rom for fleire tiltak. Det er heller snakk om å diskutere kva vi kan ta ut. Det hadde vore ynskjeleg å kunne legge inn fleire stillingar til førebyggjande tiltak, men det er det ikkje funne rom for.

Vi er på veg mot gjeldstoppen i fylket med ei netto lånegjeld på 131 prosent av brutto driftsinntekter. Anbefalt er maks 100 prosent. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere realistiske. Økonomiplanen er i balanse, men svært stram og utan rom for uventa hendingar. Vi må fortløpende vurdere og eventuelt revurdere tiltak og gjere omprioriteringar. Om strategien med å skaffe fleire innbyggjarar glepp, eller renta stig til nye høgder vil den økonomiske situasjonen verte svært krevjande. I budsjettframlegget ligg her årlege overføringer til driftsfond i tråd med eiga sak om finansielle måltal.

Auke i eigedomsskatten er eit inntektpotensiale vi ikkje har henta ut i budsjettframlegget. Det er ein upopulær skatt både for innbyggjarar og politikarar, men like fullt ein skatt som går direkte tilbake til kommunen for å kunne prioritere tiltak som vi elles ikkje vil få gjennomført. Noverande eigedomsskatt er avgjerande for å få realisert dei investeringstiltaka som ligg i budsjettet. Kommunedirektøren ser at auke i eigedomsskatten også vil vere eit element i tema bulyst, og dette saman med klare politiske føringer gjer at det ikkje er tatt inn i budsjettframlegget. Auke av inntekter og reduksjon av utgifter er eit tema som fortløpende må vurderast i tida framover.

Spørsmålet no er om vi skal bruke pengane til rein tenesteproduksjon eller om vi i tillegg skal våge å satse på tiltak som gir vekst i Hareid, og tru at vinden i segla fører oss i kvit sektor. I dette budsjettframlegget ligg her føringer om det siste.

Auke i eigedomsskatten er eit inntektpotensiale vi ikkje har henta ut i budsjettframlegget. Det er ein upopulær skatt både for innbyggjarar og politikarar, men like fullt ein skatt som går direkte tilbake til kommunen



1.4 Vegen vidare

Med den offensive satsinga fylgjer det også ein risiko som vi må vere klar over, og vurdere. Vi må kutte på drift om vi skal investere endå meir. Det kjem klart fram av budsjettframlegget at satsinga krev nedbemannning då lønn er den største utgiftsposten i ei kommune. Vi må då vere innforstått med at det vil kunne gå på bekostning av tenesteproduksjonen og vert krevjande for dei tilsette. Om vi lykkast med tiltaka vil fleire innbyggjarar gi større rammeoverføringer frå staten og fleire skatteinntekter. Næringslivet vil vekse. Og vi får det handlingsrommet vi treng for å drive gode tenester og utvikle kommunen vidare. Underveis må vi ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmåtar som vil redusere tidsklemma for den enkelte tilsette. Det må difor prioriterast pengar til leiarutvikling, nøkkelkompetanse og kompetanseutvikling, samt tiltak som fremmer den utviklinga vi ynskjer. Reduksjon av tenestevolum må vurderast fortløpende og som ein konsekvens av kvalitetsstandarden som er under utvikling i velferd.

I budsjettframlegget ligg oppfølging av tidlegare politiske vedtak og nye tiltak som skal gi god kost nytte. Kommunen har behov for både vedlikehald, avhending av bygg og nybygg. Det viktig at vi no har ein bevisst strategi på prioritering av tiltak. Den økonomiske situasjonen er slik at vi må sikre oss at vi får prioritert det viktigaste først. Det er avgjerande viktig at vi får dimensjonert omsorgstenesta til å kunne møte behova som kjem elles vil denne verte svært dyr å drifte. Nokre tiltak må gjennomførast samstundes, men kommunedirektøren ser det som viktig for den totale driftssituasjonen at tiltaka som er skildra innanfor velferd sitt område vert prioritert før nye skulebygg og andre kommunale behov.

Eg håper at budsjettdokumentet vil gi dei folkevalde eit godt grunnlag til å ta dei beste vala for kommunen, for til slutt er det kommunestyret som må ta den endelege avgjersla. Det er berre det første året i handlingsprogrammet som er juridisk bindande, og vi vil nok uansett kva vedtak vi gjer måtte kome attende til viktige prioritetsdebattar og val i dei komande åra.


Vi legg ved ein del grunnlagsdokumentasjon som vedlegg. Takk til alle som har vore med i arbeidet med budsjettgrunnlaget.

Lykke til med lesinga og vala for framtida!

Ragnhild Velsvik Berge

Kommunedirektør

Det er avgjerande viktig at vi får dimensjonert omsorgstenesta til å kunne møte behova som kjem elles vil denne verte svært dyr å drifte




INNHOLD

1 KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING	side 2
1.1 Satsingsområde	side 3
1.2 Vår viktigaste ressurs	side 5
1.3 Om budsjettet og prosessen	side 6
1.4 Vegen vidare	side 8
2 ORGANISASJONSKART	side 12
3 MÅLSETTINGAR	side 13
3.1 Kommuneplanen	side 13
3.2 Visjon LOSEN 2025	side 13
3.3 Prosjekt Vekst i Hareid	side 14
3.4 Arbeidsgivarpolitikken	side 14
3.5 Kostra-tal	side 16
3.5.1 Nøkkeltal barnehage	side 16
3.5.2 Nøkkeltal grunnskule	side 16
3.5.3 Nøkkeltal helse og omsorg	side 17
4 ØKONOMISK OVERSIKT	side 20
4.1 Om budsjettgrunnlaget	side 20
4.2 Kommunelova om budsjett	side 20
4.3 Tala bak budsjettet	side 22
4.3.1 Finansområdet	side 22
4.3.2 Finansutgifter	side 23
4.3.3 Lånegjeld og renteeksponering	side 24
4.3.4 Nøkkeltal låneporfølje	side 24
4.3.5 Finansinntekter	side 24
4.3.6 Utbytte Tussa Kraft AS	side 25
4.3.7 Fondsmidlar	side 25
4.3.8 Bundne driftsfond	side 25
4.3.9 Disposisjonsfond	side 25

4.3.10 Ubundne investeringsfond	side 25
4.3.11 Bundne investeringsfond	side 26
4.3.12 Frie inntekter	side 26
4.3.13 Eigedomsskatt	side 26
4.3.14 Brutto innbyggjartilskot	side 27
4.3.15 Inntektsutjamning	side 27
4.3.16 Utgiftsutjamning	side 27
4.3.17 Inntektsgarantiordninga (INGAR)	side 28
4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)	side 28
4.3 Driftsbudsjettet fordelt på sektorar	side 29
4.4 Investeringsbudsjettet	side 30
4.5 Fordeling av investeringsbudsjettet	side 31
5 OM SEKTORANE	side 36
5.1. Budsjett for sektorane	side 36
5.1.1 Sentraladministrasjonen	side 36
5.1.2 Læring og kultur	side 37
5.1.2 Velferd	side 38
5.1.3 Samfunnsutvikling	side 42
5.2 Sentraladministrasjonen	side 50
5.2.1 Status / utfordringsbilete	side 50
5.2.2 Mål / tiltak	side 51
5.3 Sektor for læring og kultur	side 51
5.3.1 Status / utfordringsbilde	side 52
5.3.2 Mål / tiltak	side 53
5.4 Velferd	side 53
5.4.1 Status / utfordringsbilde	side 54
5.4.2 Mål / tiltak	side 54
5.5 Sektor for samfunnsutvikling	side 55
5.5.1 Status / utfordringsbilde	side 56
5.5.2 Mål / tiltak	side 59



2 ORGANISASJONSKART



3 MÅLSETTINGAR

3.1 Kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemder
- Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

Arbeidet med ny samfunnsdel har starta. Kommuneplanens samfunnsdel er verktøyet for kommunens heilsakelege planlegging. Det er med andre ord eit viktig styringsverktøy for folkevalde og administrasjon i åra framover. Gjennom planarbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, samstundes som ein skal synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Der er sett fire hovudmål i planprogrammet:

- Ein god kommune å bu i
- Ein trygg kommune å vere i
- Ein attraktiv kommune å arbeide i
- Ein spanande kommune å leve i



**Gjennom
plan-
arbeidet
med
samfunns-
delen skal
kommunen vekt-
legge viktige
utfordringar knytt
til samfunnsutvik-
ling, samstundes
som ein skal
synleggjere dei
strategiske vala
kommunen tek**

3.2 Visjon LOSEN 2025

Hareid kommune har sidan 2017 brukt Kommunekompasset som verktøy for kvalitetsforbetring i utviklinga av ei betre forvaltningskommune. Kommunekompasset er eit verktøy for strategisk utvikling av den kommunale organisasjon og for vurdering av forvaltningspraksisen i kommunen. Verktøyet tek utgangspunkt i at ei kommune er ein samansett organisasjon med fire hovudoppgåver:

- Kommunen som politisk-demokratisk arena
- Kommunen som ansvarleg for tenesteproduksjon overfor innbyggjarar
- Kommunen som myndeutøvande organ i fylgje lover og forskrifter
- Kommunen som samfunnsutviklar

Undersøkinga er ei evaluering med fokus på åtte områder, der kommunane vert målt opp mot kvarandre på områda offentlighet og demokrati, tilgjenge, innbyggjar- og brukarorientering, politisk



styring og kontroll, leiarskap-, ansvar og delegasjon, resultatfokus og effektivitet, kommunen som arbeidsgivar, utviklingsstrategi og lærande organisasjon, og kommunen som samfunnsutviklar.

Vi har som målsetting å verte ei god forvaltningskommune, og arbeider etter ein slik visjon:

Lærande

Organisasjon med

Samskapning og

Energisk

Nyskapning

mot 2025

3.3 Prosjekt Vekst i Hareid

Visjon «Med vind i segla»

Saman med Hareid næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune har kommunen eit næringsutviklingsprosjekt med desse satsingsområda:

- Havrom
- Attraktiv bukommune
- Auka konkurranseskraft

3.4 Arbeidsgivarpolitikken

Visjon «gode tenester – glade tilsette».

Huskeregelen «kva meir» forklarer kva som ligge i dette:

Kvalitet

Vilje

Arbeidsglede

Medmenneske

Effektivitet

Inkluderande

Romsleg

Organisasjonskulturen skal vere prega av

- Brukarfokus
- Godt samspel mellom politikk og administrasjon
- Positivt menneskesyn
- Klar organisering og ryddige forhold
- God informasjonsflyt




- Bevisst oppbygging av kompetanse

Rettesnor for kommunen sitt leiarskap:

- Resultatoppnåing
- Tydeleg leiarskap, realistisk målformulering, ansvarleg- og myndiggjering
- Rett rekruttering, god introduksjon, kompetanseutvikling
- Oppfølging, konstruktiv tilbakemelding
- Profesjonell konflikthandtering
- God informasjonsflyt, engasjement ved involvering, klar prioritering

Leiarplattforma frå 2019 definerer dette som leiarplakaten for kommunen sine leiatar:



3.5 Kostra-tal

Kostrasamanlikning på dei største tenesteområda viser at Hareid kommune driv tenestane sine effektivt. I forhold til kostragruppe 10 og landet utan Oslo har vi lågare driftsutgifter til barnehage, men noko høgare til grunnskule. Også innan helse og omsorg driv vi med lågare kostnadar enn dei vi vert samanlikna med, men vi ligg høgare når det gjeld del av innbyggjarar over 80 år som bor på sjukeheim og brukarar av heimetenester i aldergruppa 0-66 år. Vi må fortsette å sjå til dei kommunane som driv endå meir effektivt enn oss og hente inspirasjon for å verte endå betre.

3.5.1 Nøkkeltal barnehage	Hareid	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
	2020	2020	2020
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	80,4	85,9	85,5
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	89,2	93,2	92,9
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	93,8	97,7	97,4
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	51,8	38,8	48,9
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	5,8	5,8	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)1	45	42,1	42,4
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	0	3,9	4
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	70,5	78,1	77,3
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	78,6	86,5	84
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	15,5	14,5	14,2
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	163111	165255	168389
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	59,4	59,8	61,1

3.5.2 Nøkkeltal grunnskule	Hareid	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
	2020	2020	2020
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	64,1	33,5	36,2
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	172,4	119,8	143,1
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)1	2,5	5,7	4,7
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	5,7	7,9	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	51,9	71	72,4
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	53,7	66,3	68,1
Gruppestørrelse 2 (antall)	15,4	16,5	15,7
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	43,3	42,5	42,9
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	23,8	22,4	22,4
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	120251,9	111516,6	117307,2



3.5.3 Nøkkeltal helse og omsorg

	Hareid	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
	2020	2020	2020
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	28036	28163	29271
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	286,1	300,2	315,4
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	30,8	32,3	32,1
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	75,3	78,6	78
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	0,37	0,58	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	33,3	27,4	29,2
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	59,9	50,1	48,4
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	13,2	10,9	11,2
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	100	88,9	91,8
Utgifter per oppholdsdygn i institusjon (kr)	3782	4150	4033
Andel private institusjonsplasser (prosent)	0	0,9	5,4
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,36	0,57	0,57
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	0,99	0,5	0,64
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	5,6	5,3	5,5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	10,3	11,1	11,8
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	8,8	9	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	47,2	48,3	45,7
Andel hjemmebesøk av helsesykepleier til nyfødte (prosent)	70,9	67	72,4







4 ØKONOMISK OVERSIKT

4.1 Om budsjetgrunnlaget

Det vert lagt fram eit svært ekspansivt investeringsbudsjett for 2022 og åra framover i økonomiplanen. Ønskte investeringstiltak er mange, og kostnaden vert stor. Stigande rente og auka lånegjeld gir større finanskostnader i åra framover. Dette belastar driftsrekneskapen til kommunen. For å finne rom til dei store og aukande finansutgiftene i økonomiplanperioden er det naudsynt å redusere rammene for drifta av kommunen. Dette er for 2023 til 2025 foreslått gjort ved at det er lagt inn kutt i lønnsmidlar som tiltak i budsjettet. Spørsmålet er om dei pålagte og ønskte oppgåvene er mogleg å gjennomføre med reduserte økonomiske rammer til drift.

Statsforvaltaren nyttar tre nøkkeltal for å klassifisere kommuneøkonomien som trafikklys. Kriteria er (tal for 2020) :

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, Hareid har -1,0 (anbefalt 1,75 prosent)
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, Hareid har 131 (anbefalt maks 100 prosent)
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, Hareid har 1 (anbefalt minst 5 prosent)

Den därlege skåren til Hareid gjer at alle tre kriteria er raude, og det har dei vore i fleire år. Dette er eit varsel om at drifta av kommunen ikkje er berekraftig over tid. Driftsnivået er for høgt og kostar for mykje, samstundes som det manglar reserver i form av midlar på fond. Statsforvaltaren skriv mellom anna at «kommunen har ein krevjande økonomi og vi bør holde eit øye med utviklinga.»



**For å finne
rom til dei
store og
aukande
finansutgif-
tene i økonomi-
planperioden er
det naudsynt å
redusere rammene
for drifta av
kommunen.**

4.2 Kommunelova om budsjett

Sitat frå den nye kommunelova:

§ 14-2. Kommunestyret og fylkestinget sine plikter:

Kommunestyret og fylkestinget skal sjølv vedta

- a. Økonomiplanen og årsbudsjettet
- b. Årsregnskapa og årsberetningane
- c. Finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d. Regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e. Regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

§ 14-3. Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjettet for det kommande året skal vedtakast før årsskiftet.

§ 14-4. Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Dei skal også vise utviklinga i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.

§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midlar i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midlar.

§ 14-11. Inndecking av meirforbruk i kommunekassen og fylkeskommunekassen

Eit meirforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkast inn året etter at det oppstod. Dersom meirforbruket ikkje kan dekkast inn året etter at det oppstod, skal det dekkast inn seinast det andre året etter at det oppstod.

Kommunestyret eller fylkestinget kan i særskilte høve vedta at eit meirforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkast inn seinast fire år etter at det oppstod. Dersom dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane av å dekke inn eit meirforbruk etter første punktum vil bli uforholdsmessig store, kan departementet godkjenne eit vedtak om at meirforbruket dekkast inn over ei periode på meir enn fire år etter at det oppstod.

Eit udekka beløp i investeringsregnskapet skal førast opp til dekning på investeringsbudsjettet året etter at det oppstod.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindande verknad. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindande for kommunestyret og underordna organ.



4.3 Tala bak budsjettet

4.3.1 Finansområdet

Finansområdet er eit område som fangar opp overordna finansielle utgifter og inntekter som ikkje ligg inne i dei tenesteproduserande sektorane. Her vert ført rammesliskot, skatt, diverse tilskot, renteinn-tekter og renteutgifter, avdrag på lån mv.

Konto	Beskrivelse	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
	9050 FINANS						
10100	Fast lønn	0	0	0	-1 700 000	-2 385 000	-3 257 000
10900	Pensjon	0	0	0	-272 000	-381 600	-521 120
10901	Pensjon premieavvik	4 040 506	-3 564 224	-4 711 059	-4 711 059	-4 711 059	-4 711 059
10990	Arbeidsgiveravgift	0	0	0	-278 052	-390 091	-532 715
10991	Arbeidsgjevaravgift premieavvik	569 712	-872 541	-662 405	-662 405	-662 405	-662 405
11302	Banktenester og gebyr	128 407	0	102 200	102 200	102 200	102 200
11900	Husleige	0	0	-3 193 231	-3 493 231	-4 013 231	-4 013 231
11952	Andre avgifter og gebyrer	15 950	0	0	0	0	0
12700	Konsulenttjenester	12 877	0	357 700	357 700	357 700	357 700
13700	Kjøp fra andre (pri- vate)	0	2 401 509	0	0	0	0
14290	Moms generell kom- pensasjonsordning	14 289	0	0	0	0	0
14500	Overføringer til kom- munar	32 063	0	0	0	0	0
14701	Tap på krav	358 911	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
15000	Renteutgifter	8 902 774	7 983 131	10 938 320	12 138 651	12 995 706	13 209 452
15001	Morarenter	4 925	634	634	634	634	634
15100	Avdrag på lån	17 155 412	19 663 000	18 359 750	20 535 212	22 345 518	23 757 572
15400	Avsetning til disposi- sjonsfond	1 278 578	0	697 876	959 751	1 799 029	2 327 373
15500	Avsetning til bundne fond	1 159 842	0	0	0	0	0
15700	Overføring til kapital- rekneskapen	470 625	0	0	0	0	0
15906	Kalkulatoriske renter (øyremerka 1B)	-1 532 955	-1 525 000	-1 551 350	-1 551 350	-1 551 350	-1 551 350
	Sum utgifter	32 611 916	24 121 509	20 373 435	21 461 051	23 541 051	24 541 051
16300	Husleigeinntekter, utleige av lokale	0	-2 565 183	0	0	-1 500 000	-1 500 000
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-14 289	0	0	0	0	0
18000	Rammesliskot	-160 940 650	-148 089 000	-158 522 000	-158 522 000	-158 522 000	-158 522 000
18001	Inntektsutjamning	-24 124 915	-26 127 000	-26 524 000	-26 524 000	-26 524 000	-26 524 000
18100	Statstilskot	-8 786 333	-13 787 000	-663 816	-663 816	-663 816	-663 816
18101	Statstilskot - øyre- merka	-2 400 000	0	0	0	0	0
18500	Overføringer frå andre kommunar	-138 938	0	0	0	0	0
18700	Skatt på inntekt og formue	-129 501 685	-138 121 000	-142 852 000	-142 852 000	-142 852 000	-142 852 000



18750	Eigedomskatt bustadar og fritidseigedomar	-9 166 146	-9 598 000	-9 780 000	-10 500 000	-11 000 000	-12 000 000
19000	Renteinntekter	-450 293	-300 000	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
19003	Morarenter	-160 531	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
19050	Utbytte, aksjer o.l.	-2 965 173	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300
19300	Disponering av rekneskapsmessig overskot	-1 278 578	0	0	0	0	0
19400	Bruk av disposisjonsfond	-8 749 997	0	0	0	0	0
19905	Motpost avskrivninger sjølvkost	-3 828 138	-3 941 000	-3 837 079	-3 837 079	-3 837 079	-3 837 079
	Sum inntekter	-352 505 666	-345 159 483	-345 210 195	-345 930 195	-347 930 195	-348 930 195
	Netto	-319 893 750	-321 037 974	-324 836 760	-324 469 144	-324 389 144	-324 389 144

Hareid kommune har Sparebanken Møre som sin hovudbank. Bergen Capital Management vert nytta som forvaltar på gjeldssida.

Dei siste åra har det vore investert mykje i Hareid kommune, og dette har ført til ein auke i lånegjelda. Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode:

Lånegjeld				
	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Lånegjeld 01.01	760 763 743	903 549 993	1 028 959 781	1 101 859 263
Låneopptak	161 146 000	145 945 000	95 245 000	5 245 000
Avdrag	-18 359 750	-20 535 212	-22 345 518	-23 757 572
Lånegjeld 31.12	903 549 993	1 028 959 781	1 101 859 263	1 083 346 691
Innbyggjarar	5 218	5 240	5 261	5 281
Lånegjeld per innbyggjar	173 160	196 366	209 439	205 140
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	199 %	227 %	241 %	237 %

4.3.2 Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for kapitalutgifter i komande økonomiplanperiode og kor mykje desse kostnadane utgjer av driftsinn tekene.

Finansutgifter				
	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Renteutgifter	10 938 320	12 138 651	12 995 706	13 209 452
Avdrag	18 359 750	20 535 212	22 345 518	23 757 572
Kapitalkostnad i prosent av brutto driftsinntekter	6,5 %	7,2 %	7,7 %	8,1 %

Hareid kommune har per september 2021 ei gjennomsnittleg lånerente på 0,7 prosent. Norges Bank prognostiserer ei gradvis normalisering av den historisk låge styringsrenta gjennom økonomiplanperioden, og det er forventa at 3 måndar NIBOR vil ligge på rundt 2 prosent mot slutten av 2024. Dette svarer til eit flytande rentenivå som er noko høgare enn før pandemien inntraff. Nye investeringar er lagt inn i budsjettet med ei rente på 1,25 prosent.



4.3.3 Lånegjeld og renteeksponering

Det er ikkje all gjeld som belastar kommunen sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avløp). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døme. Tabellen under viser kommunen si lånegjeld pr 31.12.2021 delt inn i disse kategoriene. Ein del av lånegjelda er finansiert med utleigeinntekter, til dømes i helsehuset.

Lånegjeld og renteeksponering	
Lånegjeld 31.12.21	760 763 743
Herav lån til vidare utlån	17 857 127
Sjølvkost	135 000 000
Lån med rentekompensasjon	
Renteeksponert gjeld	
Lån som skal finansierast av frie inntekter	607 906 616

I løpet av 2021 har kommunen teke opp nye lån, og refinansiert andre lån. Det er ikkje teke opp nye lån med løpetid over 12 månader, eller gjort rentesikringar på lån til kommunale føremål.

4.3.4 Nøkkeltal låneportefølje

Nøkkeltal låneportefølje		
	30.09.2021	01.01.2021
Total lånegjeld	713 763 743	635 962 137
Rentebindingstid	0,8 år	0,91 år
Vekta gj.snittsrente	0,70 %	1,26 %
Kapitalbinding	2,47 år	

Rentebindingstid viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid og viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast. Om ei låneportefølje er utan avdrag og årlege rentebetalingar har ei rentebindingstid på 1, betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding viser porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding, og viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Dess høgare tal, dess mindre refinansieringsrisiko.

4.3.5 Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene i økonomiplanperioden.

FINANSINNTEKTER				
	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Renteinntekter	400 000	400 000	400 000	400 000
Utbytte Tussa Kraft AS	2 601 300	2 601 300	2 601 300	2 601 300
Sum	3 001 300	3 001 300	3 001 300	3 001 300



4.3.6 Utbytte Tussa Kraft AS

Hareid kommune har 201 aksjar i Tussa Kraft AS. Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Hareid kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som gjeld i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forventing om at Tussa Kraft AS driv så godt at dei også leverer økonomiske resultat som gjer at Hareid kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet.

4.3.7 Fondsmidlar

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

4.3.8 Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over mange år.

4.3.9 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både til investering og drift. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Renteauke
- Lønsoppgjøret vert dyrare enn forventa
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

Utan denne reserven har vi ikkje slark for ekstraordinære hendinger. Dette fører til at budsjettrevisionar må hente midlar frå sektorane. Dei får uføreseieleg drift, og lite incitament til å spare, då dette går til å dekke andre sitt meirforbruk. I tillegg får kommunen svekka handlingsrom.

4.3.10 Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller delfinansiering av kommunale investeringsprosjekt. Sal av tomter vert tilbakeført til dette fondet.



4.3.11 Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond skal berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen.

I tabellen under er ei oversikt over dei ulike fonda basert på økonomiplanen.

Fondsmidlar				
Saldo 31.12	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Disposisjonsfond	4 300 989	5 260 740	7 059 769	9 387 142
Bundne driftsfond	18 737 650	18 737 650	18 737 650	18 737 650
Ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Bundne investeringsfond	1 746 465	1 746 465	1 746 465	1 746 465
Sum	24 785 104	25 744 855	27 543 884	29 871 257

4.3.12 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordeling av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning).

Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstillskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretakne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som berre er grunngjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Under følgjer nærmare omtale av dei mest sentrale elementa:

4.3.13 Eigedomsskatt

EIGEDOMSSKATT					
Døme eigedomsskatt: bustadverdi 2 mill					
Skattesats promille	2,0	2,5	3,0	3,5	4,0
Årleg eigedomsskatt	2 800	3 500	4 200	4 900	5 600
Døme eigedomsskatt: bustadverdi 3 mill					
Skattesats promille	2,0	2,5	3,0	3,5	4,0
Årleg eigedomsskatt	4 200	5 250	6 300	7 350	8 400
Døme eigedomsskatt: bustadverdi 4 mill					
Skattesats promille	2,0	2,5	3,0	3,5	4,0
Årleg eigedomsskatt	5 600	7 000	8 400	9 800	11 200
Kommunedirektøren si tilråding					
Vidareføring av dagens promillesats 3,0	2021	B2022	B2023	B2024	B2025
Inntekter eigedomsskatt	-9 598 000	-9 780 000	-10 500 000	-11 000 000	-12 000 000



4.3.14 Brutto innbyggjartilskot

Innbyggjartilskotet vert fordelt med likt beløp per innbyggjar for alle kommunane i landet. Det samla innbyggjartilskotet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Innbyggjartilskotet er kr 26 133,- per innbyggjar i budsjettframlegg for 2022, og utgjer kr 133 568 000 for Hareid kommune. Dette talet er endeleg og baserer seg på innbyggjartalet per 01.07.2021, som var 5 111.

4.3.15 Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løypande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntektene sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90 prosent av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 prosent av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 prosent av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2022 har vi budsjettert med ei inntektsutjamning på vel 26,5 millionar kroner.

4.3.16 Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vekter. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierande utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er 1



prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er 7 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. Hareid sin behovsindeks er 1,0764, noko som medfører ei utgiftsutjamning på kr 21 991 795.

Sjå regjeringa.no for meir informasjon om dei frie inntektene.

4.3.17 Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektsystemet meir fleksibel og føreseileg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er meir enn kr 400 pr. innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berrekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2021 brukt. Hareid kommune blir i 2022 trekt for kr. 246 558 gjennom ordninga.

4.2 Driftsbudsjettet (skjema 1A)

Linjenavn	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Rammetilskudd	-185 065 565	-174 216 000	-185 046 000	-185 046 000	-185 046 000	-185 046 000
Inntekts- og formuesskatt	-129 501 685	-138 121 000	-142 852 000	-142 852 000	-142 852 000	-142 852 000
Eiendomsskatt	-9 166 146	-9 598 000	-9 780 000	-10 500 000	-11 000 000	-12 000 000
Andre generelle driftsinntekter	-12 207 895	-15 202 000	-1 508 816	-1 508 816	-1 508 816	-1 508 816
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-335 941 291	-337 137 000	-339 186 816	-339 906 816	-340 406 816	-341 406 816
Sum bevilninger drift, netto	315 480 625	312 128 194	310 559 851	307 642 183	304 635 544	303 481 400
Avskrivinger	18 138 735	15 091 000	17 257 079	17 257 079	17 257 079	17 257 079
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	333 619 360	327 219 194	327 816 930	324 899 262	321 892 623	320 738 479
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 321 931	-9 917 806	-11 369 886	-15 007 554	-18 514 193	-20 668 337
Renteinntekter	-909 392	-743 071	-906 753	-906 753	-906 753	-906 753
Utbytter	-2 965 173	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300	-2 601 300
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 306 640	8 319 056	11 275 786	12 476 117	13 333 172	13 546 918
Avdrag på lån	17 155 412	19 665 579	18 359 750	20 535 212	22 345 518	23 757 572
NETTO FINANSUTGIFTER	22 587 487	24 640 264	26 127 483	29 503 276	32 170 637	33 796 437
Motpost avskrivinger	-18 138 736	-15 091 000	-17 257 079	-17 257 079	-17 257 079	-17 257 079
NETTO DRIFTSRESULTAT	2 126 820	-368 542	-2 499 482	-2 761 357	-3 600 635	-4 128 979
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	470 625	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	6 152 562	368 542	1 801 606	1 801 606	1 801 606	1 801 606
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-7 471 419	0	697 876	959 751	1 799 029	2 327 373
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0



SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-848 232	368 542	2 499 482	2 761 357	3 600 635	4 128 979
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	0	0	0

4.3 Driftsbudsjettet fordelt på sektorar

	Rekne- skap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1010 POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 411 277	2 728 432	2 631 077	2 631 077	2 631 077	2 631 077
1020 RÅDMANNSKONTOR	2 942 380	2 962 189	1 750 259	1 750 259	1 750 259	1 750 259
1030 ØKONOMIAVDELING	3 666 022	4 175 330	3 950 561	3 950 561	3 950 561	3 950 561
1040 PERSONALAVDELING	3 347 514	3 331 277	3 612 281	3 612 281	3 612 281	3 612 281
1060 SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	4 789 895	5 169 162	4 827 919	4 812 919	4 812 919	4 812 919
1070 DIGITALISERING OG KON- TRAKT	575 325	170 914	76 650	76 650	76 650	76 650
1080 NAV-KOMMUNE	5 774 990	6 577 057	5 735 991	5 735 991	5 735 991	5 735 991
SUM SENTRALADMINISTRASJO- NEN	23 507 403	25 114 361	22 584 738	22 569 738	22 569 738	22 569 738
2000 OPPVEKSTKONTOR	32 234 849	30 868 505	30 147 567	30 147 567	30 147 567	30 147 567
2010 BIGSET SKULE	8 927 772	10 917 460	10 612 835	10 612 835	10 612 835	10 612 835
2030 HAREID SKULE	25 355 664	26 618 337	26 847 548	26 847 548	26 847 548	26 847 548
2040 HJØRUNGAVÅG SKULE	9 005 870	9 263 433	7 851 557	7 851 557	7 851 557	7 851 557
2050 HAREID UNGDOMSKULE	25 449 228	24 870 061	25 205 946	25 205 946	25 205 946	25 205 946
2810 BIGSET BARNEHAGE	8 727 220	10 020 634	8 643 879	8 643 879	8 643 879	8 643 879
2830 HAREID BARNEHAGE	4 012 813	4 196 293	3 486 483	3 486 483	3 486 483	3 486 483
2850 SYVERPLASSEN BARNE- HAGE	7 976 148	9 734 940	9 416 684	9 416 684	9 416 684	9 416 684
2080 HAREID MUSIKK- OG KUL- TURSKULE	1 907 365	2 124 715	2 184 666	2 184 666	2 184 666	2 184 666
2700 RESSURSENTERET	4 660 099	8 144 541	231 428	231 428	231 428	231 428
3200 BARNEVERN	15 081 532	12 879 780	15 331 328	15 331 328	15 331 328	15 331 328
SUM LÆRING OG KULTUR	143 338 560	149 638 699	139 959 921	139 959 921	139 959 921	139 959 921
3100 HELSE OG KOORDINERAN- DE EINING	22 422 193	22 924 603	24 851 808	24 851 808	24 851 808	24 851 808
4000 VELFERDSKONTOR	5 028 939	6 531 644	8 818 111	8 818 111	8 818 111	8 818 111
4021 BUEINING	9 336 731	8 909 497	10 028 826	10 028 826	10 028 826	10 028 826
4022 SKJERMA EINING	11 278 381	9 642 307	9 832 760	9 832 760	9 832 760	9 832 760
4023 KORTTIDSEINING	12 343 954	10 747 599	13 285 144	13 285 144	13 285 144	13 285 144
4025 KJØKKEN	3 952 043	3 726 478	4 175 568	4 175 568	4 175 568	4 175 568
4031 HEIMETENESTE EINING 1	15 741 195	15 989 732	17 895 547	17 895 547	17 895 547	17 895 547
4032 HEIMETENESTE EINING 2	6 401 792	4 749 078	5 504 149	5 504 149	5 504 149	5 504 149
4050 BU- OG HABILITERING	24 846 109	17 954 417	22 756 777	22 756 777	22 756 777	22 756 777
SUM VELFERD	111 351 337	101 175 355	117 148 690	117 148 690	117 148 690	117 148 690
SAMFUNNSUTVIKLING	34 050 996	40 765 218	38 938 297	38 585 681	38 505 681	38 505 681



1050 PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	2 844 842	3 813 247	3 277 117	3 484 989	3 404 989	3 404 989
1090 BRANNVERN	5 939 165	6 206 934	6 693 979	6 693 979	6 693 979	6 693 979
5005 NÆRING KULTUR OG BUSETTING	2 566 196	5 327 084	3 736 284	3 736 284	3 736 284	3 736 284
5060 TRUSAMFUNN	4 480 930	4 259 127	4 478 114	4 478 114	4 478 114	4 478 114
6501 SAMFUNN	3 303 173	3 269 232	4 598 668	4 038 180	4 038 180	4 038 180
6510 KOMMUNALTEKNIKK	5 790 837	7 333 305	6 924 944	6 924 944	6 924 944	6 924 944
6550 SJØLVKOSTOMRÅDE	-5 991 788	-5 404 186	-5 518 104	-5 518 104	-5 518 104	-5 518 104
7000 KOMMUNAL EIGEDOM	15 117 641	15 960 475	15 692 418	15 692 418	15 692 418	15 692 418
7025 UTLEIGEBUSTADER	0	0	-945 123	-945 123	-945 123	-945 123
SUM SAMFUNNSUTVIKLING	34 050 996	40 765 218	38 938 297	38 585 681	38 505 681	38 505 681
FINANS	3 232 329	-4 565 439	-8 071 795	-10 621 847	-13 548 486	-14 702 630
SUM FORDELT DRIFT	315 480 625	312 128 194	310 559 851	307 642 183	304 635 544	303 481 400

4.4 Investeringsbudsjettet

	Rekne-skap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Investeringer i varige driftsmidler	174 552 425	222 800 000	197 342 000	182 931 250	149 606 250	20 231 250
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 332 549	0	100 000	0	0	0
Utlån av egne midler	0	4 000 000	10 000 000	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	175 884 974	226 800 000	207 442 000	182 931 250	149 606 250	20 231 250
Kompensasjon for merverdiavgift	-24 087 043	-28 610 000	-29 076 000	-20 986 250	-22 861 250	-1 986 250
Tilskudd fra andre	-663 142	0	-7 120 000	-16 000 000	-31 500 000	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	-4 000 000	-10 000 000	0	0	0
Bruk av lån	-149 352 362	-193 990 000	-161 246 000	-145 945 000	-95 245 000	-18 245 000
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-174 102 546	-226 800 000	-207 442 000	-182 931 250	-149 606 250	-20 231 250
Videreutlån	700 000	0	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	-700 000	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	1 125 541	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 563 109	0	0	0	0	0
NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN	-437 568	0	0	0	0	0
Overføring fra drift	-470 625	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	437 568	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-1 299 076	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekkt beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-1 332 134	0	0	0	0	0
Fremført til inndekning i senere år udekkt beløp	12 727	0	0	0	0	0



4.5 Fordeling av investeringsbudsjettet

	2022	2023	2024	2025
Sentraladministrasjonen				
STARTLÅN-UTBETRINGSTILSKOT - Startlån	10 000 000	-	-	-
Læring og kultur				
LÆRING OG KULTUR - Inventar HUS og Syverplassen BHG	150 000	100 000	100 000	100 000
LÆRING OG KULTUR - Oppvekstkontoret - IT-utstyr til lærarar og elevar	425 000	356 250	356 250	356 250
Velferd				
VELFERD - Kjøp av møblar	100 000	100 000	100 000	100 000
VELFERD - Tenestebil	400 000	-	-	-
VELFERD - Utstyr til institusjon	250 000	-	-	-
VELFERD - Velferdsteknologi	200 000	200 000	200 000	200 000
Samfunnsutvikling				
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Jørgenlassen	4 000 000	-	-	-
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Pålhaugen 3	3 100 000	-	-	-
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Røyset	-	-	3 000 000	-
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Holstadfeltet, bygging kanal	8 000 000	6 250 000	-	49 500 000
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Industriareal Nord	8 000 000	-	-	-
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - K.L.-marka	3 200 000	1 600 000	-	-
BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Plassane	3 000 000	10 000 000	10 000 000	-
HAMN - Betongkai - nordre molo	5 160 000	-	-	-
HAMN - Rehabilitering av godsterminalkaia	14 100 000	-	-	-
IDRETSANLEGG - Utskifting av kunstgras Hareid KGB	-	-	5 625 000	-
IDRETSANLEGG - Utskifting til LED Hareid KGB	600 000	-	-	-
KLIMA, MILJØ OG BEREKRAFT - Aksjeteikning i Runde Forskning AS	100 000	-	-	-
BIBLIOTEK - Mediasystem	200 000	-	-	-
PARK- OG GRØNT - Toalett ved Nessetelva	1 200 000	-	-	-
PARK- OG GRØNT - Tusenårspllassen	5 750 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Bigset Barnehage - Nytt kjøkken 1. og 2. etg og Snekkerbod	232 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Bigset skule - Energipakke	3 150 000	4 000 000	-	-
PROSJEKTLEIING - Bigset skule - Manglende brannseksjoner og rømningsvegar	-	500 000	-	-
PROSJEKTLEIING - Bigset skule - Nye vassrør/avløpsrør	600 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING : Bilpark	1 300 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Bygging av 2 stk ROP-boliger	500 000	3 750 000	3 750 000	-
PROSJEKTLEIING - Disponible midar for å ivareta uforutsette og akutte behov, samt avslutning av vedtekne prosjekt	3 500 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hadartun Balkongar	2 000 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid brannstasjon - nybygg	25 000 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Gangbru over taket mellom heimeteneste og Hadartun 4.etg.	250 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Hadartun oppgradering leiligheter inklusive skifting ventilasjon	750 000	675 000	675 000	675 000
PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Heimetenesta Carport for tenestebilar	600 000	-	-	-



PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Heimetenesta Garderobe for tilsette	250 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Kjøkken alle institusjonseiningar 6 stk (fellesområde)	1 250 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Manglande brannseksjonering og rømningsvegar	800 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid skule - Ny taktekking 96-bygget	750 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid skule - Ny varmtvannsbereder 96-bygget	150 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid skule - Nytt Elanlegg 96-bygget	150 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hareid Ungdomsskule - Utgreiing renovering	750 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hjellebakken 6 Manglande brannseksjonering og rømningsvegar	500 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hjellebakken 8 Manglande brannseksjonering og rømningsvegar	400 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Hjørungavåg Skule Manglande brannseksjonering og rømningsvegar	500 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING : Kjøp av lokaler til Ungdomsklubb, aktivitetssenter	5 000 000	8 000 000	-	-
PROSJEKTLEIING - Pålhaugen - Infrastruktur / konkurransegrundlag	5 000 000	50 000 000	50 000 000	-
PROSJEKTLEIING - Renovering Hareid Rådhus - BT2	10 000 000	10 000 000	-	-
PROSJEKTLEIING - Syverplassen barnehage - Ny personalavdeling (tilbygg)	1 900 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Tilbygg kyrkjelydshuset (bedehuset)	7 500 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Utgreiing og førebuing av gymsal Hjørungavåg, omsorgsbustadar/ny barnehage m.v.	1 000 000	-	-	-
PROSJEKTLEIING - Utvikling av tomta til gamle helsestasjon og legekontor.	1 000 000	-	-	500 000
PROSJEKTLEIING - Vedlikeholdspakke i høve Vedlikeholdsplan (Investering)	5 000 000	-	-	-
UTBYGGINGSOMRÅDE - Pålhaugen infrastruktur	2 000 000	-	-	-
VEGAR - Hjulgravar	3 000 000	-	-	-
VEGAR - Holstad rundkøyring	3 500 000	28 600 000	33 000 000	-36 000 000
VEGAR - Lyspakke - veg, utskifting til LED i gatelys	1 000 000	500 000	500 000	500 000
VEGAR - Miljøgata - ferdigstille ombygging tilkomst eigedommar	100 000	-	-	-
VEGAR - Naudsynt arbeid Almevegen	3 000 000	-	-	-
VEGAR - Ombygging veg helsehus	2 400 000	-	-	-
VEGAR - Oppgraderingspakke	7 500 000	-	-	-
VEGAR - Veg kyrkjelydshuset	625 000	1 500 000	-	-
Sjølvkost				
ANLØP : Kai Tusenårsplassen	4 000 000	-	-	-
AVLØP - Bjåstad - Grimstad	-	500 000	4 000 000	-
AVLØP - Avløp til Nessel	3 000 000	3 000 000	-	-
AVLØP - Avskjære overvatn Ytre Hareid	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
AVLØP - Bakkevegen	1 500 000	-	-	-
AVLØP - Fornying avløpsnett	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
AVLØP - Kyrkjegata - Jets	2 500 000	-	-	-
AVLØP - Reinseanlegg	1 000 000	40 000 000	34 000 000	-
AVLØP - Separere leidning Hareidselva	3 000 000	-	-	-
AVLØP - Sjøleidning Raffelneset	7 000 000	-	-	-
VATN - Fornying vassnett	600 000	600 000	600 000	600 000
VATN - Grimstad-Holstad	500 000	5 000 000	-	-
VATN - Kyrkjegata - Jets	2 000 000	-	-	-
VATN - Legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget	-	1 000 000	-	-



VATN - Nødvatn tankar	300 000	-	-	-
VATN - Trykkaukestasjon	4 000 000	-	-	-
VATN - Utbetring høgdebasseng	500 000	-	-	-
VATN - Vatr til Nesset	3 000 000	3 000 000	-	-
TOTALT	207 442 000	182 931 250	149 606 250	20 231 250





VIL
VITE
KVA
DU
MEINER
HAREID
KOMMUNE

VIL
VITE
KVA
DU
MEINER
HAREID
KOMMUNE



VI VIL VITE
KVA DU
MEINER
OM HAREID
KOMMUNE

VI VIL VITE
KVA DU
MEINER
OM HAREID
KOMMUNE



5 OM SEKTORANE

5.1. Budsjett for sektorane

Budsjettprosessen i år har hatt særskilt fokus på samanlikning på tvers av sektorane. Det har siste åra vore ein auke i lønsutgifter knytt til tiltak rundt enkeltbrukarar, vikar, ekstravakt, overtid og kjøp av tenester til brukarstyrt personleg assistent. I tillegg har der vore ein auke på samfunnsutvikling som er knytt til stor aktivitet, og ei forventing om leveranse frå lokalsamfunn og næringsliv.

Rammeoverføringane har ikkje auka tilsvarende så rammene må ned og budsjettet for 2022 er difor svært stramt. Her har vore ei stor rydding og nedskalering av budsjettpostar. Med unntak av i sentraladministrasjonen ligg her ikkje kutt på fastlønn til neste år, men det er gjort store reduksjonar på alle dei andre lønspostane. Det vil vere utfordrande for alle sektorane å halde budsjetta sine i 2022, og det vil krevje stram budsjettdisiplin og ein kontinuerlig prosess på leit etter meir effektive arbeidsmåtar. Det komande året skal nyttaast til omstilling med siktemål å kunne redusere bruken av fastløn i resten av perioden. Det er lagt inn konkrete måltal på dette. Desse tala vil endre seg i takt med kor godt ein lykkast i 2021-budsjettet og endringar i rammeoverføringane. Investeringsutgiftene er også styrande med både omfang og utvikling av renteutgifter.



Her har vore ei stor rydding og nedskalering av budsjettpostar. Med unntak av i sentraladministrasjonen ligg her ikkje kutt på fastlønn til neste år, men det er gjort store reduksjonar på alle dei andre lønspostane.

5.1.1 Sentraladministrasjonen

Budsjett 2021	25 114 837
Konsekvensjusteringer	-3 257 072
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	-227 306
Prisendringer	850 128
Konsekvensjustert budsjett	22 480 587
Valgte tiltak	
Sentraladministrasjonen : Mobil utstyr til å filme møte/arrangement (15)	15 000
Sentraladministrasjonen : Personvernombod frå IKAMR (14)	90 000
Sum valgte tiltak	105 000
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon 2022	22 585 587

Sentraladministrasjonen sitt budsjett for 2022 er lågare enn for 2021. Stilling for assisterande kommunedirektør er ikkje vidareført, og Folkehelsekoordinator er flytta frå sentraladministrasjonen til Sektor for samfunnsutvikling.

Det vart i fjorårets budsjett oppretta ei stilling som innkjøpskoordinator. Dette for å syte for å ytterlegare bygge opp kompetanse på innkjøp i eigen organisasjon i staden for å bruke eksterne konsulenter på innkjøp og kontrakt. Planen er å i all hovudsak finansiere stillinga gjennom prosjekt på investering, men noko av den må belastast drifta. Dette var lagt inn med halvårseffekt i 2021, og heilårseffekt vidare i handlingsplanen. Ein fann ikkje rom for midlane så stillinga vart saldert i budsjettrevisjonen i juni 2021, og er ikkje vidareført i 2022-budsjettet.



5.1.1.1.Driftstiltak

Tiltak 015: Sentraladministrasjonen: Mobilt utstyr til å filme møter og arrangement: kr. 15 000

Kamera, mikrofon og evt PC. Alle folkevalde møte bør sendast digitalt for å nå flest mogleg. Utan mobilt kamera/mikrofon er vi prisgidde kommunestyresalen. Det må vere eit mål å kunne ha folkemøte utanfor rådhuset.

Tiltak 014: Sentraladministrasjonen: Kjøp av tenester på personvernombod frå IKMR kr. 90 000

Ved å ha ei velfungerande personvernombodeneste kan vi unngå å kome i erstatningsposisjon, og vi treng å få vidareføre kjøp på dette slik vi har gjort i inneverande år. Vi har ikkje ressursar til å kunne ivareta ansvaret sjølv.

5.1.2 Læring og kultur

Budsjett 2021	148 741 795
Konsekvensjusteringer	-17 902 878
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	2 711 406
Prisendringer	5 327 587
Konsekvensjustert budsjett	138 877 910
Valgte tiltak	0
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon 2022	138 877 910

Sektoren si ramme er redusert kraftig frå 2021 om ein ser vekk frå prisjusteringa. Dette fører til eit stramt budsjett for alle einingane i sektoren. Utgifter til vikar er redusert betraktelig, det same med ekstrahjelp. Intergreringstilskotet som tidlegare vart ført på finans er no delvis ført på sektoren, ca 7 millionar. Kulturkonsulent og bibliotek, ansvar for ca 3,2 millionar er flytta til samfunnsutvikling.

5.1.1.1.Driftstiltak

Ingen aktuelle

5.1.1.2.Investeringstiltak

Nye tiltak

Tiltak 077: Oppvekstkontoret - IT-utstyr til lærarar og elevar

Det skal kjøpast inn Chromebooks, Ipadar og anna IT-utstyr til Hareid skule, Bigset skule, Hjørungavåg skule og Hareid ungdomsskule. Samlar dette i eit felles investeringsprosjekt. Lisensar for 1. året er også teke inn i det totale beløpet. Ligg inne med 1,4 mill i løpet av fireårsperioden.



Tiltak 083: Inventar HUS og Syverplassen BHG

HUS: 100 000 pr/år. Rulleringsordning, byte ut elevpultar/stolar eitt klasserom pr år. Syverplassen BHG: 50 000 i 2022. Nye bord og stolar til avdelingane. Vidareført frå 2019. Ligg inne med kr. 450 000 i løpet av fireårsperioden.

Tiltak 047: Bigset Barnehage - Nytt kjøkken 1. og 2. etg og Snekkerbod

Nytt kjøkken 1. og 2. etg og Snekkerbod i 2022.

Tiltak 041: Bigset skule – Energipakke

Ny belysning/varme, ventilasjon, støydemping og himling, styring og SD-anleggFasade syd, skifte av vindu, solskjerming, inngangsparti og skifte av dører fasade nord, samt kostnadsbesparande tiltak knytt til energibruk. Dette medfører reduserte driftsutgifter i framtid.

Tiltak 044: Hareid skule - Ny taktekking 96-bygget

Tidlegare oppmeldt prosjekt som ikkje vart gjennomført.

Tiltak 048: Hareid Ungdomsskule - Utgreiing renovering/nybygg

Utgreiing renovering/nybygg skulebygg og symjehall.

Tiltak 049: Syverplassen barnehage - Ny personalavdeling (tilbygg)

Vudere ny personalavdeling (tilbygg) alternativt brakkeløysing

Tiltak 013: Utgreiing og førebuing av gymsal Hjørungavåg, ny barnehage m.v.

Dette er ein fellespost for utgreiing. Fleire av barnehagane har vedlikehaldsbehov. For å kunne drifte tidsmessige og effektive barnehagar skal ein vurdere samanslåing og nybygg. Ein skal også utgreie/vurdere behova ved gymsalen ved Hjørungavåg skule.

I tillegg ein del tekniske reparasjonar, brannseksjonering og rømningsvegar på fleire bygg.

5.1.2 Velferd

Sektoren si ramme er auka frå 2021, dette gir ei meir realistisk ramme.

I dette ligg det mellom anna at omgjering av tiltak frå i fjor med nedlegging og omgjering av institusjonsplassar er reversert med 3 millionar. Vidare er er ansvaret for brukarstyrt personleg assistanse (BPA) styrka med 2 millionar og refusjon ressurskrevjande bruakar er teke ned med om lag 5 millionar. Utgifter frå vikar er redusert og nokre av midlane der er brukt til å opprette to nye faste stillingar i



ressurslag.

Budsjett 2021	100 755 855
Konsekvensjusteringer	11 530 851
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	-272 325
Prisendringer	4 649 863
Konsekvensjustert budsjett	116 664 244
Valgte tiltak	
Velferd : Koordinator helsefellesskapet (31)	82 585
Velferd : Kokk 60% stilling (7)	357 361
Velferd : Evondos medisindispenser (22)	25 000
Sum valgte tiltak	464 946
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon 2022	117 129 190

5.1.2.1.Driftstiltak

022: Velferd: Evondos medisindispenser 25 000,-

Evondos - 10-15 stk medisindispensarar (velferdsteknologi). Heimetenesta administrerer ca 100 stk multidoser per månad. Administrering av legemidla har ulik grad frå utdeling av heil rull til hjelp å ta kvart enkelt legemiddel. 42 av rullane vert per i dag administrert frå kontoret. Det vil seie at ein deler ut dagsdose, ein-gangsdose, for tre dagar etc. Dette genererer også mykje tidsbruk på opplegg for utdeling neste døgn dagleg. I heimar der ein kun administrerer legemiddel som teneste, kjem tidsbruk til utdeling i tillegg (hadde sluppe dette besøket med dispenser). Vi har per i dag 30 stk av 42 stk som kunne klart å nyttegjort seg av medisindispenser. Dersom ein skal prioritere grunna kostnader også med å lease ei slik teneste er det ønskelig å bruke 10-15 medisindispensarar i tenesta fordelt mellom ambulant teneste (private heimar) og omsorgsbustader på Hadartun

031: Velferd: Koordinator helsefellesskapet 82 585,-

Interkommunalt tiltak Hareid sin andel jf. Samhandlingsavtalen mellom kommunane og helseforetaket.

5.1.2.2.Investeringstiltak

Tiltak 018: Pålhaugen - Infrastruktur / konkurransegrunnlag

Det er utarbeida detaljert skisse på løysing for heile prosjektet. Løysing er utarbeida i samråd med brukarar og arkitekt, og vi har løysing klar for heile konseptet som består av leiligheter, personalbase, avlastningsboliger samt einskilde boligar i tillegg til leiligheter. Vi ser for oss at vi kan kome i gong med graving/bygging i siste del av 2022 og ferdigstilling i 2024. Heile prosjektet vil kome på 100.000.000,- (budsjettal)

Dei tilhøva vi har på Hjellebakken i dag er ikkje tilfredsstillande. Ny bygningsmasse vil både vere miljøvennleg og energieffektiv og resultere i forutsigbare driftskostnader i framtid.



Bustadane for utleige og avlastning til personar med psykisk utviklingshemming er for få, gamle og lite differensierte. I tillegg til at tilsette over år har vore fleksible og ikkje hatt gode fasilitetar som til til dømes pauserom. Pålhaugen som no er skissert tek høgde for alt dette. Vi vil få leilegheiter til utleige, eigen del med avlastning og nokre frittsåande småhus (i rekke) til utleige. Tenestene vil vere samla og der vil også vere eit fellesrom der brukarar kan kome til. For tilsette vil der mellom anna vere kontor, garderobe, pauserom og eige medisinrom.

Å ha tenestene so samla vil gi ein god gevinst for både brukarar og tilsette. Fleire pårørande har venta lenge på eit tilbod og forventar at dette vert realisert no.

Tiltak 028: Hareid Sjukeheim Hadartun oppgradering leilegheiter, inklusive skifting ventilasjon

Leilegheiter er frå 1992 og dei fleste leilegheitene er ikkje renovera tidlegare. Dei held ikkje krav til dagens standard. Mellom anna er det vanskeleg å få kopla til oppvaskmaskin (dårleg med plass). Her er dårlege forhold for bebuarar og tilsette, og det er kome innspel frå både leigetakrar og tilsette om at dette ikkje er bra. Jamfør også Agenda Kaupang, der leilegheitene vert klassifisert i relativt dårleg stand i høve langsiktig perspektiv. Det er tidlegare kartlagt løysing på ny ventilasjon som kan brukast direkte inn i konkurransegrunnlag.

Betre miljø/arbeidsmiljø som kan føre til mindre fråvær. Betre inneklima, reduserte kostnader til ventilasjon/oppvarming.

Leilighetene ligg idielt til med si nære tilknytning til sjukeheimen. Desse må difor oppgraderast og definerast som heildøgns omsorgsbustadar.

Tiltak: 024: PROSJEKTLEIING - Utvikling av tomta til gamle helsecenteret og legekontor.

Bygget for det gamle legekontor/Helsestasjon er i dårleg forfatning. Ein må forhindre at bygget forfall og dreg unødige kostnad. Eide domen må rivast for å bruke tomta til nye formål med omsorgsbustadar og Hjelpemiddel. Nye bygg med lave driftskostnader vil gje kommunen innsparinger på sikt.

Antal eldre som treng hjelp stig bratt utover dei komande åra. Omsorgsbustader i bukollektiv er eit kjend behov i omsorgstrappa. Vi må utgreie tiltaket nermare, men førebels tenkjer ein seg 10 – 15 bustadar på ca 30m² med stue/kjøkenkrok (koke seg ein kaffi med besökande, litt i kjøleskapet etc), skyvedør til soverom og bad, ivaretak «boliggjering» med eige oppholdsrom. Fellesareal for måltid og samlingsrom/stove. Medisinrom, skyllerom og personalrom for helsepersonell.

Vidare base for ambulant del av heimetenesta. Basen dei har i dag for vaktrom og pauserom er for små, smittevern og avstand vanskelig under pandemien og behov for meir plass til utviding av tenesta for framtidia.

Området rundt vil med gangstiar, benkar og «hage» verte til bruk både for omsorgsbustader og sjukeheim. Vurdere garasjekellar i

Fleire pårørande har venta lenge på eit tilbod og forventar at dette vert realisert no.

bygget for tenestebilar i velferd og plassering av hjelphemiddellager.

Tiltak 023: Bygging av 2 stk ROP-boliger

Kommunen manglar ROP-boligar. Ein må utarbeide grunnlag for bygging/plassering av slike boligar. Når vi ikkje har ROP-boliger må vi bruke det vi har, og det fører ofte til auka kostnader i høve hærverk på boligar. Det må planleggast slik at det er mogleg å utvide med fleire boligar ved behov.

Tiltak 025: Hadartun Balkongar

Vidareføring skifte til nye balkongar på Hadartun

Tiltak 030: Hareid Sjukeheim Heimetenesta Carport for tenestebilar

Bygging av carport over open parkeringsplass for tenestebilar. Betre tilhøve i vinterhalvåret, samt mindre slitasje på tenestebilar når dei står under tak.

Meir slitasje på bilar, därlege arbeidsforhold for tilsette i vinterhalvåret spesielt

Betre miljø/arbeidsmiljø som kan føre til mindre fråvær, samt meir effektivitet i tenesta (hurtigare responstid i vinterhalvåret)

Tiltak 029: Hareid Sjukeheim Heimetenesta Garderobe for tilsette

Heimetenesta har ikkje nokon plass å bytte klede, henge frå seg yttertøy. Dette fylgjer ikkje krava til smittevern. Betre miljø/arbeidsmiljø som kan føre til mindre fråvær

Tiltak 027: Hareid Sjukeheim Kjøkken alle institusjonseiningar 6 stk (fellesområde)

Nye kjøkken til fellesområda. Bytast ut med gamle slitte, defekte og uhygieniske kjøkken.

Uhygieniske forhold for bebuarar og ansatte. Betre miljø/arbeidsmiljø som kan føre til mindre fråvær

Tiltak 093: Kjøp av lokaler til Ungdomsklubb, aktivitetssenter

Her ligg inne midlar til kjøpe av lokale til felles bruk for dagaktivitetssenter og ungdomsklubb

Tiltak 082: VELFERD - Kjøp av møblar

Møblar til skjerma/heimetenesta m.fl. Mange av møblane ved sekturen er svært dårlig eller mangelfull. Her ligg inne 100 000 til kjøp årleg i perioden

Tiltak 080: VELFERD - Tenestebil

Ergoterapeut, fysioterapeut og tilsette i teneste for psykisk helse



og rus må nytte eigne bilar i teneste. Her ligg inne kjøp i 2022

Tiltak 094: Bilpark

Tre bilar til heimesjukepleien i 2022

Tiltak 081: VELFERD - Utstyr til institusjon

Noko av utstyret er därleg og uslitt. Dette gjeld potetskrellemaskin, ergonomisk heis og stor miksar. Her ligg inne 250 000 i 2022

Tiltak 079: VELFERD - Velferdsteknologi

Kr 200 000 årleg i perioden

I tillegg ei rekke brannsikringstiltak som er definert under kommunal eigedom

5.1.3 Samfunnsutvikling

Budsjett 2021	46 425 487
Konsekvensjusteringer	-1 277 686
Andre endringer: Artsavhengighet (pensjon mv)	-725 224
Prisendringer	1 457 881
Konsekvensjustert budsjett	45 880 458
Valgte tiltak	
Samfunnsutvikling : Fornying og digitalisering av reguleringsplaner (27)	0
Samfunnsutvikling : Tettstadanalyse for Hareid sentrum (30)	40 000
Samfunnsutvikling : Medlemskap Sunnmøre Fritidsråd (32)	60 000
Samfunnsutvikling : Ny byggesakshandsamar, netto kostnad (26)	263 615
Sum valgte tiltak	363 615
Mer-/mindreforbruk budsjettversjon 2022	46 244 073

For 2022 har ein fått overført fleire ansvar frå Sektor for Læring og Kultur på om lag kr 3,2 mill. I tillegg til dette har ein teke over Folkehelsekoordinator frå Sentral- administrasjonen og det er etablert ei ny eining – Nærings Kultur og Busetting som har fått ei ny stilling. For å få dette til har ein konsekvensjustert ramma ned med over 2 mill. Samstundes har ein konsekvensjustert inn midlar til mellom anna fiberutbygginga til Alme.

5.1.3.1.Driftstiltak

030: Samfunnsutvikling: Tettstadanalyse for Hareid sentrum kr 40 000

Midlar til innleige av ekstern kompetanse for å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag i forkant av ny områderegulering for Hareid sentrum. Midlane vil verte nytta inn i ei tettstadsanalyse som skal nyttast som føring når ein administrativt skal utarbeide ei ny områderegulering for Hareid sentrum.



Mangel av tiltak vil vanskeleggjøre kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig å få på plass for å utarbeide ny områderegulering. Det vil også truleg ta lengre tid grunna kapasitet.

032: Samfunnsutvikling: Medlemskap Sunnmøre Fritidsråd kr 60.000

Vert delfinansiert av Hareid kommune. Tiltaket er kostnadsregna til kr 102 000.

5.1.3.2. Investeringstiltak

078: BIBLIOTEK – Mediasystem kr 200 000

Biblioteket sitt noverande mediasystem fasast ut og nytt må på plass i 2022.

058: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Jørgenlassen kr 4 000 000

Grunnkjøp av ca. 37 mål. Reguleringskostnad, samt ev. tillegg er ikke med i summen.

056: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Pålhaugen 3 kr 3 100 000

Grunnkjøp av ca. 7,4 mål, samt planleggingskostnader.

057: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Bustadfelt Røyset kr 3 000 000 i 2024

Grunnkjøp av ca. 30 mål ferdig regulert bustadfelt på Røyset.

087: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Holstadfeltet, bygging kanal kr 8 000 000

Herav 7 mill. grunnkjøp, resten er bygging av kanal.

098: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - Industriareal Nord kr 8 000 000

Tilrettelegging av sjøtilknytta næringsareal i Hareid.

075: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE - K.L.-marka kr 3 200 000

Utbygging av infrastruktur.

086: BUSTAD- OG NÆRINGSOMRÅDE – Plassane kr 3 000 000

Grunnkjøp vert gjennomført i 2021. Kostnader til konsulent og in-



frastruktur er lagt inn.

004: HAMN - Betongkai - nordre molo kr 5 160 000

Trekaia på nordre molo står til nedfalls og er ikkje i forsvarleg stand. Slik kaia framstår no, kan den ikkje rehabiliterast. Kaia utgjer pr. dags dato ein risiko for personar og farty / utstyr som nyttar kaia.

006: HAMN - Rehabilitering av godsterminalkaia kr 14 100 000

Rehabiliteringa er inne med kr 10 000 000 i investeringsbudsjettet for 2021. Grunna kapasitetsproblem knytt til koronasituasjonen har prosjekteringa vorte forsinka og anbodsinvitasjonen er i skrivande stund sendt ut med ein tilbodfrist sett til 23. september. Før denne runda er gjennomført har vi ikkje eksakt pristilbod og gjennomføringsplan. Gitt at prisen er akseptabel kan arbeidet settast i gong, men då er det lite truleg at heile prosjektet kan gjennomførast i 2021. Ein ser då føre seg at ein ikkje vil kunne bruke meir enn delar av budsjettet i 2021 og prosjektet bør då budsjetterast oppatt på nytt i 2022, for å dekke restarbeidet. Dersom ein legg ein føresetnad om halvveges utført prosjekt i 2021, vil ein anslagsvis ha behov for kr 5 000 000 i 2022.

062: IDRETTSANLEGG - Utskifting av kunstgras Hareid KGB kr 5 625 000 i 2024

Etter rapport frå miljøbefaring svinn av gummigranulat 8. juni 2021 av Sunnmøre fotballkrets bør kunstgraset på Hareid KGB skiftast ut i løpet av eit par år.

089: IDRETTSANLEGG - Utskifting til LED Hareid KGB kr 600 000

Eksisterande armatur er øydelagt og må skiftast. Ein vel å skifte til LED då dette gir innsparing på drift i form av reduserte straumutgifter.

097: KLIMA, MILJØ OG BEREKRAFT - Aksjeteikning i Runde Forskning AS kr 100 000

Runde Miljøsenter AS er i ferd med å omorganisere seg, og inviterer kommunane på Søre Sunnmøre til å bli medeigarar i eit nytt FOU-selskap - Runde Forskning AS. Hareid kommunstyre takka nei til invitasjonen i møtet 06.09.21, men ba kommunedirektøren vurdere saka på nytt i budsjettframlegget.

011: PARK- OG GRØNT - Toalett ved Nessetelva kr 1 200 000

Etablere toalett ved Nessetelva. Eksisterande prosjekt 65401.

012: PARK- OG GRØNT – Tusenårspllassen kr 5 750 000

Opparbeide parkareal på Tusenårspllassen. Generell prisstigning på material og anleggsarbeid.



034: PROSJEKTLEIING - Bigset skule - Manglande brannseksjoner og rømningsvegar kr 500 000

Brannteknisk rapport av 17.06.2021 avdekket manglande brannseksjonering og ledssystem

Dårleg sikkerheit ved rømning/brann. Brannsikkerheit/Tryggleik. Branncelle Teknisk Rom.

040: PROSJEKTLEIING - Bigset skule - Nye vassrør/avløpsrør kr 600 000

Nye vassrør/avløpsrør Teknisk Rom.

094: PROSJEKTLEIING Bilpark kr 1 300 000

Tre bilar til heimesjukepleia og ein på administrasjon.

020: PROSJEKTLEIING - Disponibele midar for å ivareta uforutsette og akutte behov, samt avslutning av vedtekne prosjekt kr 3 500 000

Vidareføring av prosjekt 70140. Disponibele midlar for akutte behov og avslutning av prosjekt som strekker seg over tid. Akutte behov belastar drift i alt for stor grad.

Resulterer i meir forutsigbar drift.

016: PROSJEKTLEIING - Hareid brannstasjon – nybygg kr 25 000 000

Vi ser at det vil vere føremålstenleg å bygge heilt ny brannstasjon på tomta som er på Kommunalteknikk uteavdeling i dag. Samtidig byggjer vi om eksisterande brannstasjon til kommunalteknikk uteavdeling og Driftsteknikarar på Eigedom. Naudsynte kontor til desse einingane vil vi få inn i det nye bygget til brannstasjon.

Vi hentar erfaring frå bygging av brannstasjon i nabokommuna.

Tiltaket vil stette krav frå Arbeidstilsynet med omsyn til garderobeløysing og ventilasjonsanlegg. Arbeider med sal av telebygget.

026: PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Gangbru over taket mellom heimeteneste og Hadartun 4.etg. kr 250 000

Dette er eit pålegg frå brannvern grunna at dette er rømningsvegen for dei som bur i 4.etg. på Hadartun. Ein må også sikre med rekverk på gesims.

Naudsynt på grunn av pålegg.

Resulterar også i ei sikker kryssing av taket, i dag kan det føre til skader på tak når vi beveger oss der, dette kan igjen føre til lekka-sjer og følgeskader.

031: PROSJEKTLEIING - Hareid Sjukeheim Manglande brannseksjonering og rømningsvegar kr 800 000

Brannteknisk rapport av 17.10.2020 avdekket manglande brann-

*Vi ser at
det vil
vere føre-
målstenleg
å bygge heilt ny
brannstasjon på
tomta som er på
Kommunalteknikk
uteavdeling i dag.*

seksjonering og ledsystem

Dårleg sikkerheit ved rømning/brann.

Brannsikkerheit/Tryggleik.

045: PROSJEKTLEIING - Hareid skule - Ny varmtvannsbereder
96-bygget kr 150 000

Ny varmtvannsbereder 96-bygget

046: PROSJEKTLEIING - Hareid skule - Nytt Elanlegg 96-bygget
kr 150 000

Nytt Elanlegg 96-bygget.

032: PROSJEKTLEIING - Hjellebakken 6 Manglande brannsek-
sjonering og rømningsvegar kr 500 000

Brannteknisk rapport av 09.07.2021 avdekkja manglande brann-
seksjonering og ledsystem

Dårleg sikkerheit ved rømning/brann. Brannsikkerheit/Tryggleik.

033: PROSJEKTLEIING - Hjellebakken 8 Manglande brannsek-
sjonering og rømningsvegar kr 400 000

Brannteknisk rapport av 18.06.2021 avdekkja manglande brann-
seksjonering og ledsystem

Dårleg sikkerheit ved rømning/brann. Brannsikkerheit/Tryggleik.

035: PROSJEKTLEIING - Hjørungavåg Skule Manglande brann-
seksjonering og rømningsvegar kr 500 000

Brannteknisk rapport av 26.03.2021 avdekkja manglande brann-
seksjonering og ledsystem

Dårleg sikkerheit ved rømning/brann. Brannsikkerheit/Tryggleik.

017: PROSJEKTLEIING - Renovering Hareid Rådhus - BT2 kr 10
000 000

Opprinnelig vedtak skifte av vindu og varmeanlegg Rådhuset, samt
innreie for leigetakar.

Vi får meir energieffektiv bygningsmasse som vi har full kontroll på,
samst reduserte kostnader til oppvarming via Batterivarmen.

019: PROSJEKTLEIING - Tilbygg kyrkjelydshuset (bedehuset) kr
7 500 000

Konkurranse er lyst ut i år, graving/bygging i 2022.

Ny bygningsmasse som både vil vere miljøvennleg og energieffek-
tiv. Dette vil medføre forutsigbare driftskostnader i framtid. Opp-
varming vil her verte tilknytt varmeanlegget på Rådhuset. Sparte
utgifter til husleige frå 1.1.24 i noverande lokale.



021: PROSJEKTLEIING - Vedlikeholdspakke i høve Vedlikeholdsplan (Investering) kr 5 000 000

Utgangspunkt i vedlikeholdsplan der vi slår saman tiltak for å få det som investering.

Avhjelper etterslep på vedlikehold av bygningsmasse. Resulterer i gode bygningar som er energieffektive og formålstenelege.

099: STARTLÅN-UTBETRINGSTILSKOT – Startlån kr 10 000 000

Auka ramme for startlån. Målsetting om auka nyetablering.

007: UΤBYGGINGSOMRÅDE - Pålhaugen infrastruktur kr 2 000 000

Utbygging av infrastruktur Pålhaugen bustadområde.

063: VEGAR – Hjulgravar kr 3 000 000

Kjøp av hjulgravar for å ivareta driftsoppgåver.

091: VEGAR - Holstad rundkjøring kr 3 500 000

Bygging av rundkjøring. Estimert kostnad 60 mill. Legg til grunn tilskot på 12,5 mill frå private og 30 mill frå fylket. Refusjon frå fylket kjem neppe før prosjektet er ferdigstilt.

009: VEGAR - Lyspakke - veg, utskifting til LED i gatelys kr 1 000 000

Skifte ut til LED i gatelys. Eksisterande lampar er ikkje lenger i produksjon så utskifting av pærer er ikkje mogleg. I tillegg ligg der føre eit pålegg frå eltilsynet som krev at styringsmekanisme for gatelys må flyttast ut av trafoer slik at det er tilgjengeleg for fleire.

010: VEGAR - Miljøgata - ferdigstille ombygging tilkomst eigedomar kr 100 000

Tilstelling etter prosjekt miljøgate.

100: VEGAR - Naudsynt arbeid Almevegen kr 3 000 000

Almevegen treng eit minimum av arbeid no, auvhengig av etablering hyttefelt/feriesenter.

Dersom slikt hyttefelt/feriesenter vert etablert legg ein til grunn at kommunestyret finansiering full oppgradering av vegen etter anleggsperioden, som førebels er berekna å vare i 5 år.

008: VEGAR - Ombygging veg helsehus kr 2 400 000

Ombygging av veg rundt helsehuset.

065: VEGAR – Oppgraderingspakke kr 7 500 000

Nødvendig oppgradering av vegstrekningars etter eiga prioriteringsliste. Etter avtale med revisor.

014: VEGAR - Veg kyrkjelydshuset kr 625 000

Omlegging av veg i samband med påbygg kyrkjelydshuset.

SJØLVKOST

095: ANLØP : Kai Tusenårsplassen kr 4 000 000

Kai Tusenårsplassen.

059: AVLØP - Bjåstad – Grimstad kr 3 000 000

Legge avløpsledning mellom Grimstadvatnet og fylkesvegen. Ei- gedomane i retning Grimstadvatnet har privat avløpsanlegg med avrenning mot vatnet (forureining). Ved å legge ny avløpsleidning vert forureining fanga opp og nye abonnenter vert knytt til kommunalt nett.

070: AVLØP - Avløp til Nesset kr 3 000 000

Framføring av avløp (og vatn) til Nesset ihht politisk vedtak.

064: AVLØP - Avskjære overvatn Ytre Hareid kr 2 500 000

Ein har kartlagt moglegheita for ei avskjerande grøft over byggje- feltet på Ytre. Konsulentar har sett på ulike løysningar og konkludert med at dei anbefalar å opne eksisterande bekkar, samt å oppgradere eksisterande bekkeinntak og fornye leidningsnett. Ein vil på denne måten få redusert mengde overvatn som renn nedover feltet. Summen er eit estimat.

054: AVLØP – Bakkevegen kr 1 500 000

Eksisterande prosjekt 65724. Legge avløp i Bakkevegen.

066: AVLØP - Fornying avløpsnett kr 1 200 000

Fornying avløpsnettet.

071: AVLØP - Kyrkjegata – Jets kr 2 500 000

Omlegging av hovedkloakk då disse røra er i dårleg stand. Mellom anna for å kunne opparbeide det framtidige Pålhaugen bustadområde, knytte til fotballhallen samt knyte seg på det nye reinseanlegget.

015: AVLØP – Overåsanden kr 3 000 000

Prosjektnummer 65719. Avløpsanlegg Overå.



050: AVLØP – Reinseanlegg kr 1 000 000

Etablering av reinseanlegg for avløp. Total kostnad over planperioden kr 75 000 000.

068: AVLØP - Separere leidning Hareidselva kr 3 000 000

Prosjektnr. 67518. Gamal fellesleidning som kloakken renn gjennom (Indre Hareid). Må utskiftast grunna øydelagd/ forureining.

051: AVLØP - Sjøleidning Raffelneset kr 7 000 000

Utsleppsleidning avløp. Eksisterande utsleppsledning ved godsterminalen (ytre Hareid) er øydelagt og det renn no i overløp. Ny utsleppsledning må difor byggast på indre Hareid i tilknytning til det nye reinseanlegget. Dette heng også saman med den nye avløpsledninga som er under bygging over Pålhaugen.

052: VATN - Fornying vassnett kr 600 000

Oppgradering og fornying vassnett.

074: VATN - Gamle Brandalsveg kr 200 000

Gammal vassledning av støypejern, må byttast ut.

061: VATN - Grimstad-Holstad kr 500 000

Legge ny vassleidning. Gamle rør av støypejern som ligg i fylkesveg må byttast og samstundes leggast i ny trasé.

072: VATN - Kyrkjegata – Jets kr 2 000 000

Fornying av vannrør då disse røra er i därleg stand. Mellom anna for å kunne opparbeide det framtidige Pålhaugen bustadområde, knytte til fotballhallen samt knyte seg på det nye reinseanlegget.

053: VATN - Legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget kr 1 000 000 i 2023

Eksisterande prosjekt 65608. Legge om leidning frå vassbehandlingsanlegget.

055: VATN - Nødvatn tankar kr 300 000

Eksisterande og pågående prosjekt 65618. Etter tilsyn frå mattilsynet må vi ha nødvatn i tankar. Nokre er innkjøpt. Det er eit pågående samarbeid med Ålesund og andre kommunar om å finne ei løysing.

060: VATN – Trykkaukestasjon kr 4 000 000

Eksisterande prosjekt 65620. Pr. dags dato er det eit problem med



undertrykk i øvre byggefelt om det vert tatt ut store mengder vatn på leidningsnettet. Dette gjelder blant anna områda Teigane, Holstad, Geilebakken, Bigset og Nevstad. For å unngå problem med undertrykk i desse områda er det foreslått å lage nye trykksoner på Teigane, Bigset og Geilebakken ved å bygge eller bygge om eksisterande trykkaukestasjon.

073: VATN - Utbetring høgdebasseng kr 500 000

Rekkverk og tak for sikring av høgdebassenget.

069: VATN - Vatn til Nesset kr 3 000 000

Framføring av vatn (og avløp) til Nesset ihht politisk vedtak.

5.2 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består kommunedirektør og staben med avdelingane Personal- og organisasjon, Servicetorg og politisk sekretariat og Økonomi. NAV er organisatorisk lagt her.

Nytt av året er at stillinga for assisterande kommunedirektør er saldert som ein del av kabalen med å få budsjettet i balanse. Det har vore viktig for den utviklinga vi har lykkast med siste åra å ha ein slik funksjon, men vi treng å kome ned på lønsutgifter og då stillinga vart vakant var det vanskelig å unngå dette tiltaket. Konsekvensane er delte. På den eine sida får vi ikkje denne ekstra drivkrafta for utvikling, støtte for leirarar og rom for å jobbe ekstra med prosjekt og saker som kjem til kommunedirektøren sitt bord. På den andre sida må kommunedirektøren sjølv tettare på dei same tinga, noko som er positivt, men kreyjande med tanke på kapasitet. Vi må vurdere korleis vi best mulig kan løyse oppgåver og ansvarsfordeiling vidare.



Kommunedirektør
Ragnhild Velsvik Berge

Folkehelsekoordinator/SLT-kontakt er flytta til samfunnsutvikling i den nye eininga for Nærings, kultur og busetting

Årsverk: 13,9

Tilsette: 15

5.2.1 Status / utfordringsbilete

Kommunekompassundersøkinga har vist at vi har mykje u gjort når det gjeld kommunen som arbeidsgjevar. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs og eit auka fokus på dette vil vere naudsynt i tida framover, men stadige omstillingar.

I samband med at vi fekk ei halv stilling til overs i samband med overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til staten vart det i fjor

bestemt å styrke avdelinga Personal- og organisasjon med ei 50-prosent-stilling. Planen var å styrke arbeidet med helse-, miljø og tryggleik og sjukefråvær i organisasjonen. Skatteoppkrevjaren hadde økonomiutdanning og ein såg raskt at det var meir hensiktsmessig å nytte denne ressursen til økonomifunksjon. Kommunedirektøren ser det som nødvendig å styrke økonomikompetansen og kapasiteten inn mot både budsjettarbeid og oppfølging av budsjettarbeidet. Den ekstra stillingsressursen er difor no sett inn på nettopp dette, og vedkomande har fått ein funksjon som budsjettansvarleg. Vi manglar dermed framleis den styrken vi treng på organisasjons- og personalområdet, og vil fokusere på korleis vi kan løyse dette.

Sentraladministrasjonen si største utfordring er at her er få personar fordelt på eit svært bredt spekter av oppgåver og ansvarsområder. Dette gjer oss svært sårbare ved mellom anna fråvær. Leiør for servicetorget vikarierer for kommunalsjefen i velferd, og oppgåvene er fordelt på andre i den grad det går. Dette fungerer därleg og må finne si løysing.

5.2.2 Mål / tiltak

- Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetenester til kommunen sine tenesteytande einingar.
- Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksamrører skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid.
- Sentraladministrasjonen skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemeld er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.
- Sentraladministrasjonen skal vere pådrivar i arbeidet med Losen 2025, og aktivt bidra til at kommunen når målsettingane sine

Sentraladministrasjonen si største utfordring er at her er få personar fordelt på eit svært bredt spekter av oppgåver og ansvarsområder.

5.3 Sektor for læring og kultur

Sektor for læring og kultur femnar om tenestene bibliotek, musikk og kulturskule, voksenopplæring, flyktingteneste, grunnskule, barnehage, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Vi har bibliotek, kulturskule, tre kommunale barneskular, ein ungdomsskule, tre kommunale barnehagar med einingsleiarar som har sjølvstendig fag, personal- og økonomiansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef. Hareid kommune ved sektor for læring og kultur har tilsyns- og rettleatingsansvar for privat barnehage i kommunen, samt ansvar for å gjere vedtak og finansiere spesialpedagogiske tiltak i privat barnehage og privat grunnskule ..

Sektor for læring og kultur har sett seg som mål å vere ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon med fokus på kollektive læringsprosessar og medverknad. Dette krev systematisk og langsiktig planlegging då ein ynskjer å nytte sektoren sin samla kompetanse og ressursar på smartast og mest tenlege måte for organisasjonen.

Sektor for læring og kultur skal yte gode tenester i tråd med lover



Cecilie Bjørlykke,
konstituert kommunalsjef for sektor læring og kultur.



og regelverk som gjeld for sektoren. Viser her særleg til Opplæringslova paragraf 1-1 og Barnehagelova paragraf 1. Sektoren skal legge til rette for trygge og stimulerande oppvekstmiljø for alle brukargrupper som mottek tenester frå sektoren. Sektoren skal skape arenaer og miljø for utvikling, meistring og læring.

Årsverk: 161

5.3.1 Status / utfordringsbilde

Innafor alle områder i sektor er det stor aktivitet knytt til kompetanseutvikling både innafor kommunen, regionen og deltaking i nasjonale satsingar. Hareid kommune er med i satsinga inkluderande barnehage og skolemiljø, og er i tillegg utpeika som 1 av 13 kommunar til å prøve tiltak for tidleg innsats i både barnehage og skule gjennom eit pilotprosjekt som heiter Kompetanseløft for spesialundervisning og inkluderande praksis.

Barnehagane held bemanningsnorma. Hareid kommune ligg under landsgjennomsnittet og dei fleste omliggande kommunar i høve kostnad pr barn. Når det gjeld grunnskule ligg vi under dei fleste omliggande kommunane, og kommunegruppe når vi samanliknar kostnad pr elev. Grunnskulane held lærarnorma.

Dei kommunale barnehagane har høgt barnetal per eining. Godt omdømme, god omtale og høg kvalitet på tenestene har bidrege til auka tal på søkerarar. Dette gjev lågare driftsutgifter pr barn, og slik lågare tilskot til privat barnehage. Dei tre kommunale barnehagane stettar den nasjonale bemanningsnorma. Når det gjeld bygningane så er det dessverre ein del slitasje og manglande vedlikehald. Dette gjer kvarldagen til både barn og vaksne vanskelegare både med tanke på reinhald og orden.

Sjølv med gjennomsnittleg store grunnskuleklasser og låge driftsutgifter per elev ser vi ei positiv utvikling både på resultat og miljømessige tilhøve. Godt kvalifiserte tilsette, og fokus på utvikling og kompetanse, er ein viktig faktor i den positive utviklinga. Vaksenopplæringa har lykkast med tilbodet til andre kommunar, og tener pengar på det.

Kulturtilbodet innan bibliotek, kulturskule og anna fritidstilbod har ei jamn drift med små variasjonar. Nye biblioteket var endeleg klart og opna i mai 2021. Eit stort løft for Hareid kommune. Pr 01.01.22 vil både bibliotek og kulturkonsulent ligge under sektor for Samfunnsutvikling og ei nyopprettet eining der med fokus på næring, kultur og busetjing.

Hareid kommune har, per 31.10.2021, mottatt 7 av tildelte 11 flyktninger. Det er usikkert om kommunen får busette fleire i 2021. Kor mange flyktningar kommunen er oppmoda å ta i mot i 2022 er i skrivande stund ikkje avklart.

Budsjettet for 2022 har vore ein krevjande prosess. Ramma til sektoren er kraftig redusert. Ulike tiltak har blitt vurdert, men ikkje fremma då det gjev liten eller ingen effekt etter kost/nytte prinsippet. Det har vore sett på auke til berre heile plassar i barnehagane samt auke i betalingssatsar SFO.

Rektorane rapporterer om ein krevjande kvardag der fleire og fleire elevar strevar på mange ulike måtar. Trass lærarnorm er ofte utfor-

*Dei
kommu-
nale barne-
hagane har
høgt barnetal
per eining. Godt
omdømme, god
omtale og høg
kvalitet på tenes-
tene har bidrege
til auka tal på
søkerarar.*



dringane så store og komplekse at ein må løyse dette med ulike tiltak som ofte krev fleire tilsette i kortare eller lengre periodar for å kunne ta i vare elevane.

Sektor for læring og kultur vil fokusere på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt. Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver.

2022 vert eit spennande år. Stramt budsjett og utfordringar, men også eit år for nye moglegheiter.

5.3.2 Mål / tiltak

- Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/berekraftig drift.
- For å oppretthalde kvalitet og tilbod - vurdere organisatoriske endringar
- Ny kommunal barnehage som erstatning for dei 2 sentrums-barnehagane
- Sektoren skal utvikle seg gjennom kompetanseutviklingsprosesser tilrettelagt på eigen arbeidsplass og gjennom felles utviklingsdagar, nettverk og leiarutvikling. Kompetanseutviklinga skal ta opp i seg arbeidsmåtar og verktøy som fremjar kollektive læreprosessar, refleksjon over eigen praksis, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling internt i eiga eining og i nettverk på tvers av einingane.
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i høve til oppvekstvilkår for barn og unge i Hareid.
- Betre samarbeid, om felles tenestemottakarar, mellom sektorane.
- Oppretthalde drift av kommunal ungdomsklubb.

5.4 Velferd

Sektoren tek hand om tenesteområda institusjon, heimetenesta, bu og habilitering, dagsenter, helse og koordinering (legetesta, psykiatri/rus, fysioterapi, ergoterapi og helsestasjon og institusjonskjøkken). I tillegg har vi tilsette i støttefunksjonar som mellom anna arbeidar med saksbehandling vedtak, eigenbetaling/vederlag/etterrekning, innkjøp, dokumentasjon husleigekontraktar, kostarrapportering og rapportering ressurskrevjande brukarar.

Vi har 7 eininger med einingsleiarar som har sjølvstendig fag-, personal- og økonomiansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef. Hareid kommune ved sektoren har tilsyn – og rettleiaransvar for BPA-ordninga, samt ansvar for å gjere vedtak. Tilsette i støttefunksjonar ligg direkte under kommunalsjef.

Hovudmålet for sektor for velferd er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidrarar kombinert med at tenestene vert gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Sektoren arbeider systematisk for å vere ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon. Langsiktig planlegging er viktig for å kunne nytte tilgjengeleg kompetanse og ressursar på den best tenlege må-



Helga Bøe, konstituert kommunalsjef for sektor for velferd.

ten for organisasjonen. Vi skal ha ei målretta og medvite haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Arsverk: 125,01

5.4.1 Status / utfordringsbilde

Sektoren driftar effektivt når vi samanliknar oss med andre kommunar i landet. Utfordringa er kapasitet til å klare ei dreiling til meir førebyggande tiltak. Det vert gjort mykje godt arbeid av dei tilsette i sektoren, men når den daglege drifta tek all tid vert det lite rom for omstilling og omstillingstiltak. Ved å få styrka sektoren si ramme og også få inn ulike tilskot vil vi kunne starte på denne dreilinga i 2022 og lage ein plan for vidare utvikling i åra framover.

Strategiske val for å utvikle berekraftige tenester er eit av hovudmåla for sektoren, noko som den nye helse- og omsorgsplanen også syner. Andre mål for sektoren er å utarbeide ein klarare standard på tenester (kvalitetsstandard på tenester), styrke kompetansen, bygge omdøme, utvikle leiarane og rekruttere og halde på dei tilsette.

Sektorens utfordringsbilete er svært samansett. Hovudfokuset er berekraftig utvikling, følgje opp strategi og kontinuerleg forbetring. Vi har etter kvart fått på plass gode planar som skal hjelpe oss med å nå desse måla og ta rette strategiske val.

2022 vert eit spennande år, med store utfordringar, men også eit år for nye moglegheiter.

5.4.2 Mål / tiltak

- Gjennomgang av alle delar av sektoren for å finne optimal/berekraftig drift
- For å oppretthalde kvalitet og tilbod - vurdere organisatoriske endringar
- Bygge og drifte nye bustadar for menneske med nedsett funksjonsevne (Pålhaugen)
- Oppstart planlegging for heildøgns bemanna omsorgsbustadar
- Optimalisere legetenesta i nært samarbeid med Hareid legesenter
- Betre samarbeid, om felles tenestemottakarar, mellom sektorane
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i høve til oppvekstvilkår for barn og unge i Hareid.



Strategiske val for å utvikle berekraftige tenester er eit av hovudmåla for sektoren, noko som den nye helse- og omsorgsplanen også syner.

5.5 Sektor for samfunnsutvikling

Årsverk: 2022: 48,07 – Auke med 8,31 stillingar.

Tilsette: 53

Sektoren er samansett av dei overordna ansvara Brannvern, Trussamfunn, Samfunn, samt eining Plan Byggesak og Geodata, eining Nærings Kultur og Busetting, eining for Kommunalteknikk og eining for Kommunal eigedom.



Ansvar Brannvern v/Hareid og Ulstein brannvesen brann- og ulukkesberedskap har fylgjande ansvarsområde:

- Brann- og ulukkesberedskap, Brannførebygging, Feiing, Beredskap mot akutt forureining.

Ansvar Trussamfunn har fylgjande ansvarsområde:

- Hareid sokn, Andre trudomsamfunn og Frivilligsentralen.

Ansvar Samfunn har fylgjande ansvarsområde:

- Samfunnskontor, Hamn, Anløp og Interkommunalt Landbrukskontor, samt Distriktsveterinær.

Eining for Plan, Byggesak og Geodata har fylgjande ansvarsområde:

- Plan, byggesak, geodata, beredskap og forureining.

Eining for Nærings Kultur og Busetting har fylgjande ansvarsområde:

- Bustad- og næringsområde, næringsfond, kultur, Vekst i Hareid, bibliotek, klima, miljø og berekraft, SLT-prosjekt, folkehelsekoordinator.

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Vatn , Avløp, Slam, Renovasjon, Veg, Park og grønt, Idrettsanlegg, Gatelys.

Eining communal eigedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Forvaltning, Drift, Vedlikehald, Utvikling , Utleige, Reinhold og Helsehus



5.5.1 Status / utfordringsbilde

Samfunn:

Strategisk og langsiktig planlegging har vore ei utfordring då det samstundes er forventningar til at samfunnskontoret både skal bidra, ha kunnskap og kapasitet til å medverke på detaljnivå i både diverse saker, drift og investeringsprosjekt.

Organisering og sakshandsaming har tidlegare leie til kontoret, som del av kommunalsjefen sitt virke. Grunnkjøp og privatrettslege tilhøve har gjennom store delar av dette året og også førre år, gjort at ein har kome reelt på etterskot, med tanke på utarbeiding av avtalar, utbetalingar, ferdigstilling av mellom anna skøytedokument, samt å forhandle mellom partar, finne løysingar saman med næringslivet for fremme god samfunnsutvikling.

For å bøte på og få til ei satsing på dette, har vi oppretta ny eining.

Eining for næring, kultur og busetting:

Eining for næring, kultur og busetting er ei ny eining, som resultat av ei intern omorganisering. Vi har valt å sjå satsing innanfor næringsliv som til dømes Vekst i Hareid og utvikling av næringsområde i samanheng med bulyst i form av utvikling av bustadområde, kultur, bibliotek, folkehelse og samla desse ansvara med fleire i ei ny eining.

Eining for Plan, Byggesak og Geodata:

Eining for plan, byggesak og geodata er ei eining med knappe ressursar, men med høgt inntektspotensial. Grad av sjølvkost på byggesak og geodata er særleg god samanlikna med tidlegare år. Den finansielle dekningsgrada (sjølvkostgrada) er for 2022 stipulert til 73 prosent for byggesak og 85 prosent for geodata, medan for plan ligg den på 26,4 prosent. Ei høg sjølvkostgrad omfattar stor vektlegging av handsaming av private planar, byggesak og sakshandsaming etter matrikkellova. Samstundes som eininga gjennomfører større utviklingsprosjekt i form av arbeid med interkommunal kystsoneplan, kommuneplanens arealdel og kommuneplanens samfunnsdel og andre oppgåver som ikkje kan reknast med etter sjølvkostprinsippet.

Stor saks mengd saman med større planarbeid gjer at det er og vil vere utfordringar knytt til kapasitet i tida framover. Vi har knapt med ressursar, og dette er sårbart, særleg for byggesak med korte fristar. Det er difor avgjерande for inntektsresultatet samt opplevinga av tenestene vi leverer til private og profesjonelle at ein no får på plass meir ressursar igjen knytt til byggesak. Dette vil også gjere det mogleg å få gjennomført ein del av dei lovpålagde oppgåvene knytt til tilsyn og ulovlegheitsoppfølging som per i dag ikkje blir prioritert grunna kapasitet.

Det vil også vere ein prøving vidare i 2022 med handteringen av covid-19 og andre eventuelle kriser. Rolla som beredskapskoordinator er knytt til eininga, og det er tidkrevjande å handtere beredskapsarbeidet. Dette har gått, og vil potensielt kunne gå utover



**Stor saks-
mengd
saman
med større
planarbeid**

**gjer at det er og vil
vere utfordringar
knytt til kapasitet
i tida framover.
Vi har knapt med
ressursar, og dette
er sårbart, særleg
for byggesak med
korte fristar.**

anna sakshandsaming, særleg innan plan og byggesak. Ein lyt håpe at arbeidsoppgåvene knytt til pandemien vil verte mindre i tida framover.

Eining kommunal eigedom/FDV:

Generelt sett har vi hatt stort vedlikehaldsetterslep dei siste åra, men no ser vi effekten av gode investeringar på ulike bygg som mellom anna har medført reduserte kostnader på energi/oppvarming og betre inneklima, t.d. Rådhuset. Vi har også fått nye bygg som er energieffektive og som gjev oss føreseielege kostnader knytt til drift. Helsehuset er eit slikt bygg, samt investeringar vi har gjort på Rådhuset har bidrege positivt. Vi kan nemne at overskotsvarmen frå batteribygget no forsyner både Rådhuset og Helsehuset. Overskotsvarmen går inn på varmepumpa til varmesystemet, og gjer at Elkjel berre er i beredskap på ekstra kalde dagar.

I budsjettarbeidet for vidare år har vi lagt inn investeringar som vi meiner vil medføre ytterlegare energiinnsparingar og meir føreseieleg drift på føremålsbygga våre. I tillegg har vi lagt inn pakkar til vedlikehald, der vi kan slå saman fleire tiltak frå vedlikehaldsplanaen som til saman kan utgjere ei investering og vi slepp å belaste drift. På denne måten får vi tatt dei viktigaste tiltaka som kjem fram av vedlikehaldsplanaen og redusere vedlikehaldsetterslepet gradvis. Dette vil gå fram av vedlikehaldsplanaen som vil bli oppdatert etter kvart som vi gjer tiltak.

Eigedomsstrategi har vorte framlagd og godkjent, og er eit godt styringsverktøy som vi nyttar.

FDV-verktøyet Famac-web blir i større grad nytta no enn tidlegare, og der blir alle avvik meldt inn frå dei ulike einingane som driftsavdelinga handterer. Der ligg også informasjon om dei ulike bygga og kva som er gjort og blir gjort, samt at vedlikehaldsplanaen ligg der. I tillegg blir FDV-dokumentasjon frå nye bygg lagt inn her, og også dokumentasjon i høve tilbygg/renovering av eksisterande bygg. Her blir også dei ulike arbeidsoppgåvene til driftsteknikarane generert og lagt ut.

I Økonomisystemet for 2022 har ein oppretta eige ansvar for dei ulike føremålsbygga slik at vi har betre kontroll på kostnadane og ressursbruken. Det er også oppretta ansvar for ulike område der ein treng å ha kontroll.

I budsjettarbeidet for vidare år har vi lagt inn investeringar som vi meiner vil medføre ytterlegare energiinnsparingar og meir føreseieleg drift på føremålsbygga våre.

Eining kommunalteknikk og VAR:

Eininga sine ansvarsområde er vatn, avløp, slam og renovasjon, veg og gatelys, park/grønt/idrettsanlegg.

Dei prioriterte områda for 2022 vil vere å gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt med høg prioritet på problematikk kring overflatevatn, reinsing samt vedlikehald av sentrale vassleidningar. Overflatevatn er eit samansett og krevjande område å arbeide med samstundes som det potensielt kan gi utfordringar i form av erstatningskrav som fylgje av vanninntrenging i bygningars.

Mengda av investeringsprosjekt er stor. Her er ei rekke tiltak som allereie er vedtekne og starta på samstundes som det melder seg nye behov. Behova er med andre ord store og vi ser at dette er



svært utfordrande sett opp mot kapasiteten på eininga. Behovet for å bygge struktur, rutinar og utføre kartleggingsarbeid er også stor og vil vere eit viktig fokusområde når det kjem til å bygge organisasjonen.

Eininga står også overfor eit etterslep på alle typar planar og lokale forskrifter, men det jobbast systematisk med å rette på dette. Dette er dog store prosessar som tek tid. Framdrifta av utbyggingsprosjekt er også i stor grad avhengige av grunnkjøp og grunnavtalar noko som tidvis er utfordrande på grunn av mangel på ressursar.

Vatn – Utskiftingstempoet av leidningsnettet i Hareid kommune er ikkje høgt nok. Den nye hovudplanen for vatn og avløp vil gi ei totaloversikt. Vi vil då legge opp til ei investeringshastigheit som stettar dei nasjonale krava. Dette vil føre til at vassavgifta vil auke. Vassbehandlingsanlegget vårt er gammalt og styringssystemet står føre ei oppgradering. Vi vil i 2022 fortsette arbeidet med å få så mange som mogleg tilknytt det offentlege vassnettet.

Avløp - Ansvarsområdet inneholder utbygging av og rehabilitering av avløpsnettet, inkludert pumpestasjonar. Reinseanlegg er under planlegging på Raffelneset. Innanfor dette ansvaret ligg også overvatn. Dette er kanskje den største utfordringa ein har i Noreg per i dag og Hareid er ingen unntak. Ei utfordring ein truleg vil sjå enda meir av ettersom nedbørsmengdene stadig aukar. Vi har – som alle andre – enorme utfordringar med framandvatn i avlaupsnettet. Heller ikkje innanfor avløp klarar vi å halde høg nok utskiftingstakt og oppfylle dei nasjonale krava. Den nye hovudplanen for vatn og avløp vil gi ei totaloversikt. Vi vil då legge opp til ei investeringshastigheit som stettar dei nasjonale krava. Dette vil føre til at avløpsavgifta vil gå opp. Vi har også store utfordringar knytt opp mot direkteutslepp og forureining.

Slam og Renovasjon – Ansvarsområda er forankra i eininga, men ein har driftsavtale med SSR om den praktiske gjennomføringa.

Veg – Ansvarsområdet er dels privatrettsleg og dels offentleg-rettsleg. Kommunen er privatrettsleg eigar av alle dei kommunale vegane. Vi er også lokal vegmynde etter veglova. Eininga har ansvaret for drift og vedlikehald av vegane, inkludert veggrøft. Eininga er også ansvarleg for vinterdrift av vegane og har 7 rode som blir brøyta i kommunen. Ein har store utgifter til vinterdrift av vegane i kommunen, dette må kvart einaste år dekkast inn gjennom det ordinære vegbudsjettet. Dette har fleire uheldige konsekvensar. Kommunen har tidlegare brøyta rode 1 sjølv (sentrum). Denne roda vil no, på lik linje med dei andre rodene, verte brøytt av innleigde ressursar. Vi ser at fleire av vegane held lav standard og vi får stadig meldingar om utfordringar for bilistane. Det er likevel ikkje alltid berre å asfaltere. Mange av vegane er gamle og bygd på ein for dårleg måte med manglande masseutskifting og manglande berelag med meir. Mange stader er stikkrennene ramla saman og vi får ikkje ein effektiv drenering av vatn, men heller at vatn står i vegkroppen. Dette bidreg også til å svekke standarden på vegane. Vi har også fleire bruer i kommunen med ukjend standard.

**Vi har –
som alle
andre –
enorme
utfordringar
med framandvatn i
avlaupsnettet.**

Gatelys – Eininga er ansvarleg for drift og vedlikehald av alle gatelys i Hareid kommune. Vi driftar også Statens Vegvesen sine lys og får ein årleg refusjon på dette arbeidet. Det er store problem med jordfeil i Hareid kommune og vi opplever tidvis svært store driftsproblem. Kretsane er også svært store noko som gjer at ein jordfeil kan få innverknadar på eit svært stort område, til dømes heile sentrum, store delar av ytre Hareid etc.

Vi vil legge opp til, i samarbeid med dei andre kommunane i sjus-tjerna å gje frå seg ansvaret for gatelys på dei fylkeskommunale vegane.

Park og Grønt – Ansvarsområdet dekker alle offentlege grøntområde. Det er om lag 100 mål med plen og om lag 60 mål med busker og trær som skal driftast og vedlikehaldas. Andre arbeidsoppgåver som ligg til dette området er til dømes handtering av boss, sprøyting av uønskt vekstar, kantreinsk, skjøtsel av miljøgate og offentlege benkar. Budsjettet er så knapt at det ikkje dekker fastløn og det aller minste minimum av utstyr. Vi har utstyr som er helse-skadeleg og utdatert og utfordringar kva gjeld HMS for tilsette.

Idrettsanlegg – Kommunen eig idrettsanlegget ved ungdomsskulen og er økonomisk ansvarleg for drifta. Vi har ein driftsavtale med HIL.

5.5.2 Mål / tiltak

Samfunn:

- Vere ein sektor som legg til rette for bustad og næringsutvikling
- Gjennomføre investeringsporteføljen på sektoren
- Vere ein sektor som samordnar og som står som utviklar av den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen.
- Vere ein sektor som er ein ressurs til dei overordna planverktøya

Eining for næring, kultur og busetting:

Mål for eininga er å legge til rette for busing og næringsliv i kommunen. Å fremme bulyst vil derfor vere ein viktig del av arbeidet til eininga. Ein ser føre seg at ved å legge kultur, bibliotek med meir i same eining, vil ein enklare kunne samkøyre satsingane i lokal-samfunnet til det beste for innbyggjarane og næringslivet.

Eining for Plan, Byggesak og Geodata:

Digitalisering og effektivisering vil vere særskilt viktig i tida framover.

- Delta i arbeidet med utarbeiding og ferdigstilling av inter-kommunal kystsoneplan
- Halde lovsette fristar for sakshandsaming innan byggesak, oppmåling og plan
- Syte for at kommunens heimesider er eit godt verktøy for innbyggjarane innanfor sektoren sine fagområde
- Ferdigstille kommuneplanens samfunnsdel
- Ferdigstille kommuneplanens arealdel
- Følgje årshjulet for beredskapsarbeid




Eining kommunal eigedom/FDV:

- Gjere bygga våre meir energieffektive og få føreseielege driftskostnader.
- Nutte Famac-web i endå større grad for å få betre kontroll på vedlikehald.
- Vektlegging av berekraftige løysingar.
- Framleis gjere gode og rette investeringar.

Eining kommunalteknikk og VAR:

På sjølvkostområdet ser ein at det er naudsynt med store investeringar for å sikre utskifting av eksisterande leidningsnett i den takt som nasjonale mynde krev. Dette vil føre til auka kommunale avgifter, noko som er utfordrande for den enkelte innbyggjar. På dei ordinære driftsområda ser ein at det er ein alvorleg knappheit på ressursar. Spesielt på veg, har vi ikkje midlar til å drifte vegane tilfredsstillande. Vi ser at ambisjonsnivået må senkast og vi må prioritere vekk ein heil del med oppgåver som ein svært gjerne kunne ønske å prioritere, men at ressurssituasjonen ikkje gjer dette mogleg å gjennomføre.





Handlingsprogram 2022-2025